



**Lærdal kommune**



# **Kommuneplan 2018 - 2030**

## **Samfunnsdelen**

Vedteken i kommunestyret 13.12.18

## Innhald

---

1 Innleiing .....	3
2 Analyse og utvikling, sentrale tema og problemstillingar .....	10
3 Utfordringar .....	26
4 Visjon og utviklingsstrategiar .....	31
5 Handlingsdel – mål, strategiar og tiltak .....	37
6 Oppfølging av samfunnsdelen .....	46

## 1 Innleiing

### 1.1 Føreord

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og er heimla i Plan- og bygningslova frå 2009. Planen omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen skildrar målsetjingar og tiltak for den framtidige utviklinga i kommunen, og skal innehalda ein handlingsdel som skal samsvara med økonomiplanen. Kommuneplanen sin arealdel skildrar framtidig arealdisponering.

Både arealdelen og samfunnsdelen til kommunen er utdaterte. Den overordna arealdelen vart revidert sist i 1995 og samfunnsdelen i 1999. Det har seinare vore utarbeida og vedteke fleire kommunedelplanar for areal og ulike tema, slik at delar av kommuneplanen er meir oppdatert enn andre. Det er likevel eit stort behov for å oppdatere det overordna planverket i kommunen, og vidare forankre mål og tiltak vidare nedover i planverket vårt.

Samfunnsdelen sin handlingsplan skal vurderast rullert kvart fjerde år.

Samstundes som samfunnsdelen vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn, skal planprogrammet til arealdelen også leggjast ut til offentleg ettersyn og planoppstart vert varsla.

PLAN	Mars	April	Mai	Juni
Kommuneplan – samfunnsdelen	Forankring av visjon, innarbeiding av visjon «Grøne Lærdal» i planutkast	Utlekking til offentleg ettersyn	<b>Felles folkemøte</b> om kommuneplanarbeidet. <b>Opent plankontor</b>	Vedtak av Samfunnsdelen
Kommuneplan - Arealdelen	Utarbeiding av planprogram, utlegging av planprogram til offentleg ettersyn og varsle oppstart av planarbeid		<b>Felles folkemøte</b> om kommuneplanarbeidet. <b>Opent plankontor.</b>	Vedtak av Planprogram for Arealdelen

*Framdriftsplan for kommuneplanarbeidet fram til sommaren 2018*


#### **Evaluering:**

Framlegg til Samfunnsdelen 2018-2030 er utarbeida av administrasjonen, med utgangspunkt i Norconsult sitt planutkast i 2016, revidert Handlingsplan 2018 for Omstillingsprogrammet i Lærdal og Økonomiplanarbeidet i 2017. Ved førre utlegging av planutkast til Samfunnsdelen kom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med eit omfattande innspel til høyringa, då med svært mange endringsframlegg. I tillegg kom det i 2017 eit ynskje om å innarbeide visjonen «Grøne Lærdal» i samfunnsdelen. Dette har kravd ei omfattande omarbeiding av planutkastet som låg føre frå Norconsult i 2016, og krev nytt offentleg ettersyn og høyring. Visjonsarbeidet og mål og strategiar i samfunnsdelen har vore tema på ulike politiske møter, arbeidsverkstadar og folkemøter.

Det bør vera ei prioritering at samfunnsdelen vert revidert i den nye politiske perioden (2019 – 2023), og at det då vert tilstreba ei enno betre samordning mellom kommuneplan og økonomiplan-arbeidet, gjerne med felles handlingsdel. Det bør då etablerast ei tverrfagleg kommuneplangruppe som saman skal arbeide fram ny Kommunal Planstrategi og revidere kommuneplan med handlingsdel og økonomiplan. Arbeidet som no er gjort, vil likevel oppdatere planverket vårt betydeleg, og har ei etterlengta samordning av mål og strategiar i Omstillingsarbeidet og kommuneplanen.

## 1.2 Korleis nytte Samfunnsdelen

Det er heimla i Plan- og bygningslova at kommunane skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsverktøy for utviklinga av kommunen. Samfunnsdelen er retningsgjevande for kommunen sin politikk i planperioden. Arealdelen syner noverande og framtidig arealdisponering i kommunen og er saman med føresegnene juridisk bindande.



Figur 1: Kommuneplanprosessen (T-1492, miljøverndepartementet)

Samfunnsdelen er sektorovergripande. Det gjer at dei ulike mål- og strategiane er gjeldande for fleire sektorar og grupper i samfunnet. Samfunnsdelen handlar såleis mykje om haldningar og verdiar ein ynskjer Lærdalsamfunnet skal ha i utviklingsarbeidet sitt.

## 1.3 Medverknad

Medverknadsarbeidet handlar om å fange opp ulike typar grupper sine meiningar, synspunkt, behov og spørsmål, og bruke desse til å lage ein plan som er for alle. I Lærdal har det dei siste åra vore fleire utviklingsprosessar som har skjedd samstundes, som for eksempel større prosjekt som Attreisingsprosjektet, Omstillingsarbeidet og Tettstadutviklingsprosjektet. Dette har vore viktige prosjekt, som har involvert dei ulike

innbyggjarane i kommunen på fleire møter. Mange av dei same spørsmåla har vore stilte, og kunsten er å fange opp kunnskapen ikkje berre til eitt prosjekt, men til fleire. Ein har prøvd å nytta kunnskapen og medverknad frå desse prosjekta inn i samfunnsdelen. Ein stor del av arbeidet har vore å oppdatera og samla kunnskapen om kommunen, og samordna mål og strategiar i fleire ulike overordna prosjekt til ein felles retning.

Spesifikt for Samfunnsdelen, starta medverknadsarbeidet med ein felles kreativ verkstad for kommuneadministrasjonen og politikarane i kommunen. Dette blei eit svært godt møte, og eit viktig møte som avspark til planarbeidet. Etter dette, har det vore drøftingar i formannskapet, drøftingar i Intern Planforum i kommuneadministrasjonen og arbeidsverkstad om Lærdal sin visjon og mål og strategiar i det overordna planleggingsarbeidet. Det har vore ei eigen arbeidsgruppe for visjonsarbeidet med medlemar både frå Lærdal Næringsutvikling og kommuneadministrasjonen. Det vart arrangert planverkstad med kommunestyret og administrasjonen 15. februar 2018, der kommuneplanen var tema, og det var eigen planverkstad (open dialogkafe) for næringsutvikling i Lærdal i kulturhuset 04. april 2018.

Det har vore ei utfordring i medverknadsarbeidet at prosessen med samfunnsdelen har teke lang tid. Dette gjer at engasjementet fell, og me får ikkje så gode medverknadsprosessar som me ynskjer. Når ikkje folk ser at det er resultat og framdrift i prosessane, vil også motivasjonen til å bidra falla. Det er viktig å ha større fokus på dette neste gong samfunnsdelen skal reviderast, slik at effektivitet i prosessen, gjer at engasjementet vert høgt i heile prosessen, ikkje berre i oppstartinga og i sluttfasen.

## 1.4 Omstillingskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav Lærdal kommune omstillingsstatus hausten 2012, i samarbeid med Årdal kommune. Bakgrunnen var avviklinga av 1881 sin aktivitet i Lærdal, endringar ved Lærdal sjukehus, nedgang i folketalet og konkursen til Dooria i Årdal.

I samband med omstillingsstatusen vart det laga ein plan for omstillingsarbeidet for perioden 2013-2017, eit overordna styringsverktøy for omstillingsarbeidet. Som grunnlag for utviklingsplanen vart det gjennomført ein grundig utviklingsanalyse av næringslivet og samfunnet i Lærdal dei siste 10 åra og fram til 2012. Både kommunestyret, omstillingsstyret, næringslivet og privatpersonar var sterkt engasjerte og involverte i dette arbeidet. Basert på utviklingsanalysen vart ulike strategiske moglegheiter testa ut og forankra i kommunen, i det politiske miljøet og næringslivet. Denne prosessen danna grunnlaget for utarbeiding av de endelege utviklingsprogrammet for omstillingsarbeidet.

Hausten 2015 vart omstillingsplanen revidert, med formål å spissa satsingane i omstillingsarbeidet. I samband med omstillingsløyvinga for 2016 fekk Lærdal kommune utvida omstillingsperioden med eitt år til ut 2018, grunngjeve med at brannen i Lærdal medførde nokre samfunnsmessige utfordringar som sette omstillingsarbeidet noko tilbake. Det vart utarbeida *Handlingsplan og budsjett 2018*, der ein konkretiserte dei definerte hovudsatsingane ytterlegare. Den reviderte omstillingsplanen med handlingsdel for 2018 har to programområde:

A: Vekst i Lærdal	B: Attraktive Lærdal
<p><b>Hovudmål:</b></p> <p>Det natur- og kulturbasert ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og brukast som fundament for ei breiare satsing på grøn næringsutvikling.</p> <p>Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.</p>	<p><b>Hovudmål:</b></p> <p>Lærdal skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.</p> <p>Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn der alle skal trivast og vera trygge.</p>
<p><b>Mål:</b></p> <p>Det skal vera minst 1.200 arbeidsplassar i Lærdal innan utgangen av 2020 (1.010 arbeidsplassar i 2012).</p> <p>Me skal bidra til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grønne skiftet.</p>	<p><b>Mål:</b></p> <p>Det skal vera 2.300 innbyggjarar innan utgangen av 2020 (2.176 i 2012). Det skal vera 525 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (475 i 2012).</p> <p>Omsetnaden i detaljhandelen skal veksa meir enn landsgjennomsnittet.</p> <p>Tilfredsheitsmåling i 2016 og 2018 blant innbyggjarar og besøkande i Lærdal, med mål om 10 prosentpoeng forbetring.</p>
<p><b>Ansvarleg for gjennomføring:</b></p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p>	<p><b>Ansvarleg for gjennomføring:</b></p> <p>Omstillingsprogrammet og LNU</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p> <p>Arrangørar, lag og organisasjonar</p>
<p><b>Prioriterte prosjekt i 2018</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikling Håbakken Næringspark</li> <li>• Tataki</li> <li>• Offentlege arbeidsplassar</li> <li>• Næringsvenleg region</li> <li>• Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt</li> </ul> <p><i>(Prosjekt med eksterne A-eigarar)</i></p>	<p><b>Prioriterte prosjekt i 2018</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettstadutvikling</li> <li>• Levande lokale</li> <li>• Arrangementskoordinator</li> <li>• Nye tilflyttarar</li> <li>• Profilutvikling og kommunikasjon</li> <li>• Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt</li> </ul> <p><i>(Prosjekt med eksterne A-eigarar)</i></p>

*Utdrag frå Handlingsplan og budsjett 2018, LNU*

Lærdal skal verta ein føregangskommune innan grøn næringsutvikling. Nye lønnsame arbeidsplassar er det viktigaste målet for omstillingsarbeidet. Lærdal har sett seg eit litt «hårete» mål på totalt 190 nye lønnsame arbeidsplassar innan 2020, to år etter at omstillingsperioden er slutt. Vekst i innbyggjartal, utvikling av bustadtilbodet, etablering av nye bedrifter er døme på tema som må følgjast opp i kommunale planar. Når omstillingsperioden er avslutta i utgangen av 2018, er det svært viktig at dei kommunale planane har innarbeida måla og strategiane frå omstillingsplanen, slik at ein får vidareført

det omfattande arbeidet som er lagt til grunn i omstillingsprogrammet i utviklingsarbeidet som skal gjerast i åra som kjem. Omstillingsarbeidet har sett i gang mange gode prosessar og utviklingsstrategiar som må vidareførast også etter programperioden er over, elles har utviklingsarbeidet som er gjort liten effekt.

Kommunen ynskjer å satse på attraktivitet, gode infrastrukturtiltak, gode og differensierte bustadstrukturar, støtte til lokalt næringsliv og utvikling av nye attraktive bustadfelt for å trekke til seg nye tilflyttarar. I forhold til folketalsvekst vil spesielt nye bustadfelt vera eit stort tema i arbeidet med arealdelen, men og vurdering av tilstrekkeleg sosial infrastruktur (areal til barnehagar, skular, pleie- og omsorgsbustadar, helsestasjon osv.), nye næringsareal (arbeidsplassar) og tettstadutvikling (attraktivitet).

### 1.5 Kommunen sin gjeldande kommuneplan og andre planar

Etter Plan- og bygningslova §11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver for kommunen. Kommuneplanen er eit overordna styringsreidskap, men skal ikkje vera ei stiv ramme som er bestemt ei gong for alle. Ein må tilpasse seg endringane i tida og difor har kommuneplanen ei tidsramme på om lag 12 år, men skal verte revidert kvart 4. år.

Både samfunnsdelen og arealdelen i vår kommuneplan er svært utdatert. Arealdelen av kommuneplanen vart utarbeida i 1991 og vart sist revidert i 1995. Samfunnsdelen vart sist vedteken i 1999. Kommuneplanen vår tener ikkje lenger som styringsverktøy for kommunen, og det vert no utarbeida ein ny og oppdatert kommuneplan for langsiktig planlegging av samfunnsutviklinga og av arealbruken i heile kommunen. Samfunnsdelen skal etter arbeidsplanen vera vedteken, før framlegg til arealdel vert utarbeida. Kommunen sine andre planar og føringar:

PLAN	VEDTAK AV PLAN
<b>Kommunal planstrategi</b>	2017
<b>Kommuneplan – samfunnsdel</b>	Vedtak 1999, under revidering
<b>Kommuneplan – arealdel</b>	1991 (rev.95), under revidering
<b>Handlingsdel-økonomiplan</b>	2016
Kommunedelplan for energi og miljø	2007
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og folkehelse	2016
Kommunedelplan for Kultur	2016
Kommunedelplan for Trafikktryggleik	2013
Helse og Omsorgsplan	2012
Bustadsosial handlingsplan	2011
Overordna Beredskapsplan med overordna ROS-analyse og smittevernplan	2011/2007
Tiltaksplan for landbruk med handlingsplan	2010
Hovudplan for vatn	2015
Hovudplan for avlaup	2015

I tillegg vil det vera ulike sektorplanar, handlingsprogram og normer som i ulik grad vert råka av, eller gjev føringar til kommuneplanen sin samfunnsdel.

### 1.6 Regionale føringar

Fleire av dei regionale planane, utarbeida av Sogn og Fjordane fylkeskommune og vedteke i Fylkesutvalet, vil leggja føringar for kommunal planlegging. Dei mest sentrale for samfunnsdelen er desse:

- Fylkesdelplan for arealbruk - sjekklister
- Regional plan for klimaomstilling 2018 - 2021
- Regional planføresegn for handel 2017
- Handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017
- Fylkesdelplan for landbruk
- Regional plan for folkehelse 2015–2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2019
- Regional plan for Nordfjella
- Regional transportplan 2018–2027
- Regional plan for vasskraft
- Verdiskapingsplan på nett
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021

Fylkeskommunale strategiar tek utgangspunkt i regionalt prioriterte satsingsområde/utfordringar i fylket, og gjev føringar for verkemiddelbruk for å møte desse. Døme på fylkeskommunale strategiar som kan vera sentrale for samfunnsdelen er desse:

- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (vedteken i fylkestinget 17.04.18)
- Mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2015
- Kulturstrategi 2015 - 2018

### 1.7 Nasjonale føringar

Planarbeidet må ta omsyn til statlege retningslinjer og nasjonalt lovverk. Nedanfor følgjer ei opplisting av dei mest sentrale lovar og retningslinjer for arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel.

- Plan- og bygningslova
- Folkehelselova
- Diskriminerings- og likestillingslova
- Naturmangfaldlova
- Kulturminnelova
- Vassressurslova og vassforskrifta
- Statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, 26.09.2014
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 12.06.2015
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag



- Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltninga sin innsigelsespraksis, T-2/16
- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2016
- Born og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, T-1513
- Samfunnssikkerheit i arealplanlegginga, DSB
- Anna nasjonalt lovverk, stortingsmeldingar, relevante forskrifter og retningslinjer

## **Nasjonale forventningar til kommunal planlegging**

For å fremja berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg serleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Den nasjonale politikken som vert formidla gjennom forventningane gjev føringar for arbeidet med å avklara planbehov i kommunal planstrategi, og skal verte følgd opp i den kommunale planlegginga etter Plan- og bygningslova.

Hovudtema i dei nasjonale forventningane som vart vedtekne 12. juni 2015 er gode og effektive planprosessar, berekraftig areal- og samfunnsutvikling, samt attraktive og klimavenlege by- og tettstodområde.

## 2 Analyse og utvikling, sentrale tema og problemstillingar

---

### 2.1 Kort om Lærdal

Lærdal kommune ligg inst i Sognefjorden og kommunen grensar opp til kommunane Vang, Hemsedal, Ål, Hol, Aurland og Årdal. I fjorden grensar kommunen mot Sogndal, Luster og Vik. Kommunen hadde 2153 innbyggjarar per 31.12.2017. Litt over halvparten av innbyggjarane bur på tettstaden Lærdalsøyri. Resten er spreidd rundt i dalen på dei små stadene Borgund, Ljøsne, Tønjum, Erdal, Vindedalen, Ytre Frønningen, og Strendene. Kommunen strekkjer seg over eit areal på 1342 km<sup>2</sup>, der om lag 88 % av arealet ligg over 900 m.o.h.

Kommunikasjonsmessig ligg Lærdal midt i Sør-Noreg med ferjefri veg til Oslo, Lillehammer og Bergen. Kommunen vert rekna som eit knutepunkt, og det er berre om lag ein time køyring til både Buskerud, Oppland og Hordaland fylke.

Kommunen har store natur- og kulturverdiar. Sentralt her er dei store fjellområda, nærleiken til fjorden, Lærdalselvi, Gamle Lærdalsøyri, dei gamle vegane og Borgund stavkyrkje.

Lærdal har lange jordbrukstradisjonar, og på grunn av det tørre klimaet var det ein av dei første stadane i Noreg som brukte kunstig vatning. Til trass for innlandsklimaet, hindrar fjorden vintrane å bli for kalde. Det er svært gode vilkår for bær- og fruktproduksjon, og jordbruket er ein av dei viktigaste næringane i kommunen.

### 2.2 Lærdal kommune som organisasjon og arbeidsgjevar

Lærdal kommune har ansvar for velferdsoppgåver, forvaltning og samfunnsutvikling. Med endringar i samfunnet, møter kommunen nye forventningar frå innbyggjarar, brukarar og samarbeidspartnarar, både når det gjeld kapasitet og kvalitet. Kommunen skal levere tenester til eit stadig meir differensiert samfunn med store aldersspenn og mange ulike kulturar representert. Sentrale styresmakter styrer vår tenesteleveranse gjennom rettar, lovkrav, kontroll og tilsyn, samt krav til miljøomsyn i alle ledd. I tråd med endringar i forventningar og krav til kommunen sine tenester og oppgåver, vil også utfordringane som arbeidsgjevar endra seg.

Lærdal kommune har ein sårbar økonomi. Inntektsgrunnlaget har vorte svekka over tid, samtidig som oppgåvene har auka. Potensiale for vesentleg betring av økonomien må koma i form av auka inntekter eller kostnadsreduksjonar som følgje av strukturelle endringar. Dette stiller krav til effektivitetsauke i tenesteproduksjonen og iverksetting av tiltak for å auke folketalet i kommunen.

For å vera «Grøne Lærdal» må heile organisasjonen vera samla om denne visjonen, og ha god kunnskap om kva som er mål og strategiar for å nå målet om å verta den beste kommunen i å gjennomføra Det grønne skiftet. Det er viktig at alle delar av organisasjonen tek i bruk visjonen i sitt arbeid, både når det gjeld i det daglege, i langsiktig planlegging, innarbeiding i dokument, innarbeiding i mål og strategiar for eininga osv.

Lærdal kommune som organisasjon og arbeidsgjevar skal jobbe målretta for å:

- Oppnå ein sunn kommuneøkonomi med lågare lånegjeld, lågare driftsutgifter og høgare inntektsgrunnlag.
- Vera ein veldriven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde pasientar, brukarar, tilsette og folkevalde.
- Oppnå eit godt samarbeid mellom alle ledd i organisasjonen (sakshandsamarar, tenesteutførarar, leiarar og folkevalde), der alle dreg i same retning for å nå mål og visjonar.
- Oppnå eit godt og nært samarbeid med innbyggjarar, lag og organisasjonar, grunneigarar og næringar. Kommunen skal gjennomføre gode medverknadsprosessar for å involvere brukarar og tenesteytarar/-mottakarar i planprosessar, endringar og andre vedtak i størst mogleg grad.
- Vera eit viktig ledd i arbeidet med å gjennomføre Det grønne skiftet i kommunen. Innarbeide visjonen i alle mål- og strategi-dokument i kommunen, og arbeide målretta for at «Grøne Lærdal» skal bli ein visjon som er godt kjend i organisasjonen og blant innbyggjarane, og som skal vera både eit arbeidsmål, eit varemerke, identitetsbyggjar og verkemiddel i marknadsføring. Informere om «Grøne Lærdal»-visjonen ut i alle einingane. Drive opplæring om Det grønne skiftet, og kontinuerleg arbeide for at alle vedtak går i retning mot gjennomføring av Det grønne skiftet.
- rekruttering av tilsette, utvikling av næringslivet osv.

### 2.3 Folketalsutvikling

Lærdal kommune har generelt hatt ei negativ folketalsutvikling siste 20 åra, med ein total nedgang på heile 3,2 %. I heile landet har folketallet i same periode hatt ein auke ein på om lag 1,2 %. I fig. 2.1 kan ein sjå ei positiv folketalsutvikling i perioden 2008 til 2011, men frå 2011 til 2015 har kommunen hatt ei negativ folketalsutvikling på 78 personar. Folketalet har i gjennomsnitt blitt redusert med om lag 20 personar i året frå 2011 til 2015. I 2016 var det ei ny auke, medan det deretter har vore nedgang att. Samla i perioden 2008 – 2018, har folketallet gått ned med 16 personar.





Fig. 2.1: Innbyggjartalet i kommunen har svinga dei siste åra, men med generell nedgang i siste 10 års-perioden. Linjediagrammet syner folketallet per 01. januar kvart år. Kjelde: SSB.no, tabell 06913.

## 2.4 Busetnad og sysselsetjing



Figur 2.2: Visar SSB si markering av tettstad i Lærdal kommune. (www.kart.ssb.no)

Lærdal kommune har ein tettstad som strekkjer seg frå fjorden og opp mot sjukehuset; Lærdalsøyri (fig. 2.2). Her har ein fungerande sentrumsfunksjonar, som kommuneadministrasjon, butikkar, legekontor, skule og barnehage.

Grendene er spreidd rundt i kommunen. Borgund har eigen barneskule og her er det også barnehage. Barnehagetilbodet elles i kommunen er på Lærdalsøyri.

Litt over halvparten av innbyggjarane bur på Lærdalsøyri. 28 % av innbyggjarane bur på landbrukseigedom. Det er i gjennomsnitt 2,2 personar i kvar hushaldning. Over 80 % av innbyggjarane bur i sjølveigd bustad, medan kring 18 % leiger bustad (kjelde: SSB, 01.01.18).




Fig. 2.3: Sysselsetjinga i Lærdal kommune er i hovudsak innan Helse og omsorg, jordbruk, bygg og anlegg. I Lærdal kommune er det 811 sysselsette som bur og arbeider. Kjelde: SSB, 01.01.18.

Det er ein del inn- og utpendlarar blant dei sysselsette. Innpendlarane kjem i stor grad frå Årdal, Sogndal og Aurland.

## 2.5 Sterke kompetansemiljø

Lærdal har eit godt klima og lange tradisjonar innan landbruk. Lite nedbør, tidleg vår og godt jordsmonn gjer dalføret i Lærdal svært godt eigna til dyrking av morellar, bær, grønsaker og poteter. Landbruksnæringa er aktiv og syner stor evne til utvikling og nyskaping. Lærdal Grønt er ei samanslåing av frukt- og grøntprodusentane i Lærdal som held til på Grandane, der dei og driv butikken Felleskjøpet. Dei utviklar stadig nye produkt og er nyskapande og aktive for å opparbeida seg ny kompetanse.

Innanfor bygg og anlegg, samt helse, finn ein òg sterke kunnskapsmiljø. Bygg- og anleggsbransjen er relativt stor i Lærdal, og bygg- og anleggsbedriftene i Lærdal har mange oppdrag i nabobygdene. Dei har opparbeida seg stor kompetanse på sitt område, og mange av bedriftene samarbeider og godt for å utveksle erfaring og kompetanse seg i mellom.

Lærdal sjukehus vart etablert som offentleg sjukehus i 1930, og har opparbeidd seg eit sterkt kompetansemiljø innan helsesektoren. Sjukehuset er i stadig endring og omorganisering. Dei største endringane som har vore gjort sidan staten overtok drifta frå fylkeskommunen (etablering av statlege helseføretak i 2002), er nedlegging av kirurgisk akuttberedskap og omlegging frå fødeavdeling til God start barseleining. I dag har sjukehuset akutt medisinsk beredskap, planlagt ortopedisk aktivitet, God start eining, 24/7 tenester innan laboratoriet/røntgen, dialyse og ein poliklinisk aktivitet innan ein rekkje fagområder. Det er og i gang å byggje opp eit tilbygg for MR-maskin på sjukehuset, noko som vil medføre auka aktivitet.

Sogn Lokalmedisinske senter starta opp 1. mars 2015. Denne tenesta er lokalisert inne på sjukehuset og inneheld legevaktsentral, legevakt og kommunale døgnplassar (KAD). Ei slik samling av tenestar er positivt for opparbeiding av lokale kompetansemiljø innan blant anna akutt bistand.

## 2.6 Skule, barnehagestruktur og oppvekstvilkår

I dag har Lærdal to skular; ein fulldelt barne- og ungdomsskule på Lærdalsøyri og ein fådelt barneskule på Borgund.


Lærdal kommune har utarbeidd ein eigen skulebruksplan for kommunen, som var grunnlag for vedtak om å leggje ned Ljøsne skule frå hausten 2017. Dei fleste elevane frå Ljøsne skule har byrja på Lærdalsøyri skule, og nokre få byrja på Borgund skule.

Barnehagestrukturen er den same, ein stor barnehage på Øyri med 5-6 avdelingar og ein mindre på Borgund. Borgund barnehage har ein avdeling, og er organisert i administrasjonen saman med skulen til eitt oppvekstsenter.

Lærdal kommune har helsesystemer i 150 % stilling i tillegg til helsestasjonslege i 20 % stilling. Alle helsekontrollar vert utført på helsestasjonen. Elevane har tilbod om helsekontrollar og vaksiner. Helsesystemer samarbeider tett med miljøarbeidar på skulen. Dei har samtalegrupper i lag, og ansvar for arbeidet med det psykososiale miljøet på begge skulane. Det er og eit samarbeid med Sogndal BUP (barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk).

Statistisk sentralbyrå nyttar ulike framskrivingsprognosar for folketalsutvikling: høg vekst, middel vekst og låg vekst. Då Skulebruksplanen for Lærdal vart vedteken i 2016, bestemte Styringsgruppa for planarbeidet at det skulle nyttast framskrivingsprognosar for høg vekst som grunnlag for det vidare arbeidet. Dette er eit optimistisk framskrivingsalternativ som krev at kommunen lukkast med fleire sentrale tiltak i omstillingsarbeidet. Auka tilflytting og positiv utvikling på arbeidsmarknaden vert tiltak som må få utteljing om dette alternativet skal vera gjeldande frametter. Dersom prognosane for låg vekst sler til, der tal kvinner «i produktiv alder» vert lågare og dermed fødselstala lågare – så vil dette slå hardt ut på tal born i barnehagane og elevprognosane. Kommunen, i samråd med Omstillingsarbeidet, ynskjer å nytte ei meir optimistisk framskriving, og vil arbeide aktivt for vekst i folketalet. Det er eit mål å koma enno høgare enn den mest optimistiske framskrivinga til SSB, slik at det får større utteljing på auke i elevtala, i staden for svak nedgang.

I skuleåret 2018/2019 er det 237 skuleelevar i Lærdal. Av desse er det 98 som har vedtak om rett til skuleskyss, som tilsvarar om lag 41,4 %. Dette vil seia at det er mange skuleelevar som er avhengig av eit trygt og godt opplegg for skuleskyss mellom skulen og heimen. Dette stiller krav til kommunen som vegeigar, og som tilretteleggjar for trygge skulevegar. Kommunen arbeider kontinuerleg med trafikktryggleiksarbeidet, og har gjennom framlegg til Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2018 - 2021 føreslege at kommunen skal bli Trafikksikker kommune.



Figur: Tufta på SSB sin framskrivingsmodell for høg vekst (HMH), vert det stort sett stabil elevtalsutvikling mellom 220 – 240 elevar i framskrivingsperioden.. Framskrivinga syner på ein liten elevtalsreduksjon på 15-20 elevar samla. I 2030 tilseier elevtalsprognosane at kommunen har eit samla elevtala på 234 elevar eller driftsgrunnlag for å drifte ein kombinert 1-10 skule med 10 klassar. Einskilde år vil det vere grunnlag for deling av nokre årstrinn, slik at det truleg vert driftsgrunnlag for mellom 11 og 13 klassar.

I Lærdal har ein generelt gode oppvekstvilkår med eit trygt og oversiktleg lokalsamfunn, gode helsetenester og eit aktivt lag- og organisasjonsliv med svært mange aktivitetsmoglegheiter. Det er ungdomsklubb, helsestasjon og miljøarbeidar i skulen. Utfordringar for oppvekstvilkåra kan vera store kutt i økonomien til kommunen, som kan gå ut over tenestetilbodet i skule og barnehage, ungdomsklubb, helsestasjon osv.

## 2.7 Næringsutvikling og verdiskaping

I Lærdal kommune er arbeidsplassane i hovudsak tufta på landbruk, helse, reiseliv, bygg- og anleggsbransjen og logistikk/transportnæringar. Spesielt innanfor landbruk og helse har kommunen sterke kunnskapsmiljø, men og innan bygg- og anleggsbransjen.

Lærdal kommune er ein kraftkommune som har inntekter frå vasskraft. Kraftnæringa er viktig for næringsutvikling, verdiskaping og sysselsetting i kommunen, både indirekte og direkte. Kommunen har inntekter frå kraftproduksjon, både som eigar av kraftverk og som vertskommune for kraftverk gjennom konsesjonsavgifter og skattar. Lærdal har dei siste åra vore blant dei 30 kommunane i landet som produserer mest kraft i året. Fleire gardar og eigedomar har i dag store inntekter knytt til vasskraftverk. Om lag 20 personar har sysselsetjing innan drift og vedlikehald av vasskraftverk, og det er eit sterkt fagkompetansemiljø innan fagfeltet i kommunen. Lokalt næringsliv har indirekte sysselsetjing gjennom levering av varar og tenestar til kraftnæringa.

Lærdal kommune har saman med næringslivet i Lærdal etablert eit eige selskap for å arbeida med næringsutvikling. Lærdal Næringsutvikling (LNU) er eigd 65,9 % av Lærdal kommune og 34,1 % av Lærdal Næringsssamskipnad på vegne av næringslivet i Lærdal.

Lærdal er ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Innan reiseradius på 45 min køyretid frå sentrum på Lærdalsøyri, når ein tettstadane Sogndal, Årdalstangen, Øvre Årdal og Aurland. Til Hemsedal tek det om lag 1 time, og til Leikanger, Gol og Voss litt meir enn 1 time.

Sysselsettinga i Lærdal har vore relativt stabil dei siste 15-16 åra på totalt nivå, med ein oppgang dei siste 2-3 åra. Det har vore ein del endringar mellom dei ulike bransjane. I 2014-2015 hadde fleire bransjar ei fin auke, mest innan transport og hotell/restaurant, men og innan landbruk, industri og tenesteyting.

Sysselsettinga i den offentlege sektoren er knytt opp mot Lærdal kommune og Lærdal sjukehus. Lærdal har 50 % av tenesteytinga knytt til offentlig sektor. Ei utfordring har vore at kommunen har måtte kutte i årsverk for å få økonomien i balanse.

Sysselsettinga i privat sektor var fram til 2012 sterkt prega av kraftig nedgang innan tenesteytande bransje, med nedlegginga av Opplysninga 1881. Det var i tillegg ein gradvis nedgang i landbruket, og spesielt i det tradisjonelle landbruket. Siste åra syner ein vekst innan begge desse næringsområda.

Gjennom oppdatert næringsanalyse for Lærdal i 2015/2016 kjem det fram at det kan liggja rekrutteringsbehov i næringslivet på grunn av pensjonsavgang. I dei største bedriftene i

privat og offentlig sektor synte næringsanalysen at det var 149 tilsette som vart 62 år eller over dei neste 5 åra.

Omstillingsarbeidet har kome fram til to programområde som kommunen skal arbeide vidare med innan næringslivet: Vekst i Lærdal og Attraktive Lærdal. Hovudmåla som er sett er følgjande:

- Det natur- og kulturbaserte ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og nyttast som fundament for ei breiare satsing på Grøn næringsutvikling.
- Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.
- Lærdal skal til ein kvar tid ha tilgjengelege, varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.
- Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn, der alle skal trivast og vera trygge.

I tillegg er det sett undermål og prioriterte prosjekt i framtidsplan. Det vert vist til handlingsdelen innan Næringsliv for meir informasjon om mål og strategiar.

Lærdal Næringsutvikling har vore delaktive i arbeidet med å utarbeida ny visjon for Lærdal. Ein ynskjer å utvikla Grøne Lærdal der berekraftig vekst og ein moderne, miljøretta næringsutvikling står i fokus. Lærdal kommune ynskjer å vera langt framme på kompetansemiljø innan Grøn Næringsutvikling.

## 2.8 Reiseliv, Kulturarv og Kongevegprosjektet

Tradisjonen for reiseliv i Lærdal går langt tilbake i tid. Mot slutten av 1800-talet vitja engelske lakselordar Lærdalselvi, og sidan den gong har reiseliv vore ein viktig del av næringslivet i Lærdal. Kommunen har fleire større hotell og andre overnattingsverksemder. Borgund stavkyrkje og Gamle Lærdalsøyri er ein del av UNESCO si verdsarvliste, og får såleis merksemd både nasjonalt og internasjonalt.

Lærdal er gjennom Innovasjon Norge merka som berekraftig reisemål. Lærdal har vore pilotkommune for dette prosjektet, som krev at reiselivet byggjer oppunder miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraft.

Reiselivsbransjen har dei siste åra hatt ei fin utvikling både i omsetnad og auke i tal tilsette. Det er framleis utfordringar med redusert attraktivitet på dei lokale attraksjonane, spesielt Villakssenteret/Kunstsenteret. Med etableringa av Visit Sognefjord har ein fått på plass ny regional organisering, men lokalt kan det vera ei utfordring å få til gode samordningar og koordinering mellom aktørane.

Lærdal har ein rik kulturarv. Heile dalføret har vore busett og brukt i 6000 år, og i fjella i Lærdal har arkeologar funne spor etter dei fyrste menneska i Noreg. Den sentrale plasseringa gjorde Lærdal tidleg til eit viktig knutepunkt. Postvegen frå 1600-talet og kongevegar frå 17-1800-talet er enno tydelege spor frå fortida. I tillegg finn ein eldre køyreveggar og gamle ride- og kløvjeveggar.



Lærdal var tidleg ute med mykje til å vera på landsbygda i Noreg, til dømes med køyrevegar, dampbåtruter, apotek, post og telegraf. Tettstaden vart ei viktig hamn, og ein viktig handelsplass. Gamle Lærdalsøyri vitnar i dag om den eldre bystrukturen og kva posisjon Lærdal kommune hadde for fleire hundre år sidan. Gamle Lærdalsøyri er i dag eit godt bevart, verna trehusmiljø med over 160 bygningar, som mange av dei besøkande til Lærdal ynskjer å sjå.

Kongevegen over Filefjell frå 1790-åra var den fyrste veg der ein kunne køyra med hest og kjerre mellom aust og vest, og erstatta den gamle ride- og kløvvegen. Partiet mellom Vang og Lærdal var det mest spektakulære på den Bergenske Kongeveg. I dag er vegen eitt av dei finaste veghistoriske kulturminna i landet. Som eit minnesmerke over samfunnsutvikling og vegbyggjarkunst går Kongevegen over Filefjell frå Lærdal til Vang. Kongevegen har vorte utbetra i perioden 2013 – 2016. Murar har vore reparert, nye stikkrenner er bygd og mykje vegetasjon har vorte rydda, både nedi skogen og over høgfjellet. Den renoverte Kongevegen vart opna av Vegdirektøren hausten 2016. Enno vert det arbeida kontinuerleg med oppattbygging av gamle bruer, vedlikehald osv. Vegen er eit kulturminne med stor nasjonal verdi, og delar av den er med i Statens vegvesen sin Nasjonale verneplan.

Kongevegen har vorte eit stort reiselivsprodukt. I 2015 fekk vegen «Vakre vegars pris 2014» og i 2017 fekk vegen Europa Nostra pris, Europas mest prestisjetunge utmerking innan kulturminnesektoren. Dette har medført ei eksplosiv auke i besøkstalet. I 2017 var det svært mange reisande over Kongevegen, og dei aller fleste av desse var norske turistar. Det er venta at marknadsføringa av Kongevegen no er nådd ut i verda, og at besøkstalet frå sesongen 2018 vil vera enno høgare. Det er ei utfordring at kommunen, Statens vegvesen og reiselivsnæringa no må organisere og planleggje logistikk, toalett, boshandtering, samanhengande gå- og sykkelmoglegheiter frå Filefjell til Øyri – då etter den eksplosive veksten og ikkje i forkant. Det er fleire prosessar på gang på same tid for å leggje til rette for den forventa auken i besøkande i åra som kjem.

## 2.9 Kulturliv og kunst

Eit mangfaldig engasjement blant innbyggjarane i Lærdal skapar gode arenaer for eit variert kulturliv og eit høgt aktivitetsnivå. Kultur er ein viktig del av identiteten i kommunen, og det som attspeglar dette er t.d. arrangement som Jordeplerock, Kom Heimatt og Lærdalsmarknaden. Medan Lærdalsmarknaden har tradisjonar så langt tilbake som på 1500-talet, er Jordeplerock eit nyare konsept som syner dei kulturelle tradisjonane og dugnadsvilja Lærdal kommune har. Spesielt om sommaren er det mange små og store arrangement i bygda. Om vinteren er det i stor grad konsertar og nokre teaterførestillingar som står for kulturlivet. Eit av programområda i Omstillingsplanen er «Attraktive Lærdal», og dette er no vidareført i samfunnsdelen som «Attraktive Grøne Lærdal». Ein viktig del av attraktiviteten er eit yrande kulturliv med mange arrangement med høg kvalitet og mange besøkande. Lærdal Næringsutvikling har engasjert ein arrangementskoordinator som støtte for dei store arrangementa i bygda. Arrangementskoordinatoren skal både hjelpe til med å vidareutvikle og marknadsføre arrangementa som eksisterer i dag, men og bistå i å utvikle nye arrangement.

Det har vore lange tradisjonar for kunst i Lærdal, og fleire kjende kunstnarar har kome frå Lærdal, for eksempel Hans Gjesme og Knut L. Rumohr som er godt kjende for sine maleri, spesielt med utgangspunkt i naturinstrykk. Sambygdingen Jens Hauge er godt kjend fotograf og biletkunstnar.

Lærdal kommune er med i det nasjonale pilotprosjektet Levande lokale, saman med Tromsø og Arendal. Målet med prosjektet er å skapa verktøy for korleis norske kommunar kan aktivera tomme lokale. Prosjektet har vore koordinert av DOGA – Norsk design og arkitektursenter. For Lærdal kommune sin del handlar prosjektet om å auka besøksattraktiviteten og skapa fleire tilbud for lokalsamfunn og reisande. Målet er å etablere nye bedrifter og auka samhandlinga mellom eksisterande bedrifter, for med dette å auka verdiskapinga i lokalsamfunnet. Prosjektet Levande lokale i Lærdal kan allereie vise til resultat. Lærdal har vald å tilnærma seg prosjektet gjennom bruk av kunst og kultur. Fleire butikkar har etablert seg i tomme lokale på Gamle Lærdalsøyri, og det er fleire prosjekt på gang for produktutvikling innan «Typisk Lærdal»-produkt. Levande lokale er eit prosjekt under Lærdal Næringsutvikling.

Kulturskulen er og ein viktig arena for born og unge, når det gjeld å oppleve meistring og utvikling i kvardagen. Kulturskulen har tilrettelagde disiplinar både innan musikk, drama, kunst og video/animasjon. I tillegg har kulturskulen tilbud innan tilrettelagd undervisning/musikkterapi og musikkbarnehage.

## 2.10 Levekår, trivsel og folkehelse

For å skapa og oppretthalda eit vel fungerande samfunn, er det viktig at innbyggjarane trivast og opplev det som godt å bu i Lærdal. Lærdal er ein kommune ein ynskjer at folk skal busetje seg i, og då bør vilkåra for trivsel vera gode. Lærdal kommune har i dag aktivitetar som oppmodar born og unge til å treffast, og til å utvikle evnene sine. Kultur- og idrettstilbod, frivillige lag og organisasjonar er alle med på å bidra til trivsel.

Det er og viktig å ta hand om dei som fell utanfor organiserte aktivitetar og møteplassar. Gode ukommersielle møteplassar, stiar og samanhengande gangvegar, kan gje grunnlag for aktive innbyggjarar og ei god folkehelse.

Trivsel heng saman med tryggleik. For at innbyggjarane skal trivast og verte ivareteke på ein best mogeleg måte, bør kvaliteten på dei kommunale teneste vera gode. Her er det viktig å ikkje stagnere, men stadig utvikle seg som organisasjon, heve kvalitet og strebe etter smarte løysingar for fellesskapet.

Det er elles viktig å utvikle seg og tilretteleggje for nye aktivitetar som skapar trivsel. Førebygging er ein viktig del av folkehelsearbeidet. I Lærdal har ein gode føresetnader for å vera aktive i det flotte landskapet med både fjord, fjell og elv. Turmogelegheitene er mange, og helse er ein viktig del av kompetansen kommunen har.

Frisklivssentralen i Lærdal vart etablert i 2015, og er eit godt døme på eit folkehelseinitiativ som vektlegg førebygging meir enn behandling. Tilbodet er i utgangspunktet for personar i risikogruppe for å utvikle sjukdom, som treng oppfølging av helsepersonell til å endre

levevanar og meistre sjukdom, men også andre som ynskjer hjelp med livsstilsending kan kome. Meininga med Frisklivssentralen er å spare utgifter for samfunnet ved å førebyggje i staden for å behandle, samstundes som ein tilbyr gode tenester der enkeltmenneske skal få ein betre kvardag.

Lærdal kommune har ein Helse- og omsorgsplan som klargjer situasjonen for helsetenester i kommunen, både når det gjeld utfordringar og kva strategiske grep som skal nyttast vidare. Satsing på kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering er ein viktig del av dette arbeidet.

### 2.11 Friluftsområde, nærmiljø og rekreasjon

Lærdal kommune har ein tydeleg tettstad; Lærdalsøyri, samt fleire grender spreidd rundt i kommunen. Å ha gode nærmiljø er viktig for god trivsel der ein bur. Bustaden er ei ramme for eit sosialt liv og gjev ein tilhøyrlegheit til eit nærmiljø og lokalsamfunn. Det å bu trygt og godt er viktig for å kunne stå i eit utdanningsløp, danne familie, ha ein stabil tilknytning til arbeidslivet og ta vare på helsa. Viktige faktorar for gode nærmiljø kan vera: god tilgjenge til naturen, sosiale møteplassar, fritidsaktivitetar, tenester og kultur. I grendene er det og stadeigne kvalitetar som gjer nærområdet attraktivt.

Når det gjeld sosiale møteplassar, har kommunen stort potensiale til å utvikle fleire møteplassar og vidareutvikle dei som eksisterer. Sosiale møteplassar kan vera kafé, pub, bibliotek, kino, kulturhus, ungdomsklubb og andre bygningar som skapar arrangement og kulturliv. Men det kan og vere bord og benkar som er sett ut i friluftsområda, i parkar eller andre grøntareal. Det kan vera ein tilrettelagd bål plass i eit felles friluftsområde, ei dagsturhytte eller ei lita fotballbane i grenda.

God tilgjenge til naturen er med på å skape gode nærmiljø og levande grender. Dette er ein av styrkene til Lærdal, då det er lett tilgjenge til naturen stort sett over alt. Å gå langs Lærdalselva fungerer som rekreasjon for mange, og er eit mykje nytta tur- og friluftsområde frå Lærdalsøyri til Borgund. Langs Lærdalselva på Lærdalsøyri er det godt tilrettelagd for turgåing langs elva, men det er eit ynskje om å gjere dette enno betre. I Kommunedelplan for Lærdalsøyri (vedtak i 2008) er elveførebygginga regulert til turdrag med moglegheiter for tilrettelegging med benkar, lys osv. Det er og eit ynskje om å gjere turdraget universelt utforma, og kommunen har delteke i eit prosjekt med fylkeskommunen om dette. I Saltkjelen er det ein populær rundtur som går på begge sider av elva frå skulen til Stuvane. Ljøsnaveiti (den gamle vatningsveita) er og ein mykje brukt tursti. På Borgund er det om vinteren tilrettelagd for skiløyper og her finn ein og lysløype. Skiløypene er mykje brukt på gode vintrar, men er noko sårbare ved nedbørsfattige vintrar. Område har stort potensiale for vidareutvikling av friluftsområde.

Området frå Hedler til Stødno er eit populært turområde for øyringane, spesielt turstien til Mjølkeflata. Her er det planlagd plassering av Dagsturhytte, og området har dermed fått enno større potensiale til å bli eit attraktivt sentrumsnært turområde.

Slike turstiar og friluftsområde er viktige for folkehelsa, både i form av trim, men og som rekreasjon. I ein stadig meir travel kvardag, er det enno meir viktig å ta vare på, og leggje til rette for bruk av slike rekreasjonsområde.

Fritidsaktivitetane for born i Lærdal knyter seg mykje til Lærdalsøyri og området rundt skulen, med kulturskulen og idrettsanlegg. Elles er det grendalag eller andre som held aktiviteten oppe på dei mindre stadane. Kvalitetar ved å bu i grendene påverkar grunnlaget for val av bustad. Til dømes spelar nærbutikken ei viktig rolle som møteplass på Borgund og Ljøsne. På Borgund fyller puben også ei slik rolle.

## 2.12 Vertskommune for flyktningar

Over ein treårs-periode vil Lærdal ta i mot 60 flyktningar. Dette krev eit godt og vel fungerande apparat rundt, for å ta i mot, busetje, drive språkopplæring etc. Eit samarbeid med nabokommunar vil vere aktuelt rundt desse problemstillingane. Flyktingtenesta er lagt under NAV. Dei har eit overordna mål om å integrere flyktingane gjennom introduksjonsprogrammet og oppfølging. Det er eit mål å busetje flyktingane spreidd i kommunen, då dette legg best til rette for god integrering og minst mogleg stigmatisering av flyktingane. Det er ei utfordring å finne bustad, og det er ikkje mogleg å finne nok bustadar på den private marknaden til å dekkje behovet. Det er difor sett i gang bustadbyggingsprosjekt for flyktningar.

Erfaring tilseier at flyktingane må bu nær skule, arbeid og servicefunksjonar. Dei har oftast ikkje bil og er avhengig av å sykle eller gå til og frå arbeid, skule, barnehage osv. Totalt sidan 2014 har kommunen teke i mot 53 flyktningar (tal per juni 2017).

## 2.13 Samfunnstryggleik

Lærdal kommune har eit generelt og grunnleggjande ansvar for ivaretaking av innbyggjarane sin tryggleik innanfor sitt geografiske område. Kommunen utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. Under kriser og katastrofar må kommunen kunne sette i verk tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar. Ras, flaum og trafikkulukker er dei mest kjende risikoane i kommunen. Klimaendringar er ein sentral del av risikobilete, og ein kan i framtida vente auka nedbør, meir ekstremvær, havnivåstigning og andre gradvise endringar som vil få store konsekvensar for planlegging og utvikling, bygg og anlegg, helseforhold, jordbruk, samferdsle og naturmangfald.

Sjukehuset i Lærdal er ein avgjerande del av beredskapen i kommunen, og ein svært viktig del av tryggleiken til innbyggjarane i heile regionen. Lærdal kommune vil arbeide målretta for at sjukehuset skal halda fram og vidareutvikla sin posisjon som eit vel fungerande lokalsjukehus med gode funksjonar.

Samferdselsårene i kommunen er viktige både for innbyggjarane, næringsliv og beredskap. Nokre vegar i kommunen er skredutsett og kan både utgjere ein fare for liv når det går ras, i tillegg til å gjere grender og delar av kommunen isolerte, noko som hindrar beredskapen. Store mengder trafikk og ein stor del tungtransport som fraktar farleg gods, gjer kommunen sårbar for trafikkulukker – kanskje der eksplosjonsfare og forureining er ein del av risikobilete. Lange tunnelar er serleg sårbare for brann og andre store hendingar. Å sikre gode kommunikasjonar i heile kommunen, trygge og godt tilrettelagde samferdselsårer og god beredskap på trafikkulukker er viktig for innbyggjarane sin tryggleik.

Lærdal er ein kommune som er tett på naturhendingar som kan få alvorlege følgjer. Kommunen har bratte fjell på kvar side av dalføret, og difor er potensiell rasfare langt ned mot busetnaden. Lærdalselvi som svingar seg nedover frå Filefjell og Hemsedalsfjellet og ut i Sognefjorden via Lærdalsøyri, kan flaume over ved store nedbørmengder. Kommunen er utsett for venta klimaendringar med meir nedbør og havnivåstigning.

Brannen på Lærdalsøyri i januar 2014 sette kommunen på ei stor prøve når det gjeld beredskap. Attreisingsprogrammet er kommunen sitt program for attrisering og utvikling av kommunen etter brannen, der eit av hovudmåla er å redusere framtidig sårbarheit i Lærdal. Kommunen har eit vel fungerande brannvern som er dimensjonert for det som kan skje innanfor krav til utrykkingstid. Brannvernet har god kompetanse og erfaring på trafikkulukker, og har generelt rask utrykkingstid, noko som gjer at dei ofte er fyrsteinnsats i større hendingar langs E16 og RV5. Dette stiller store krav til kursing og øvingar av brannfolka, slik at dei er best mogleg førebudde på kva som kan møte dei på ulukkesstaden. Det er viktig at det ikkje vert bygd institusjonar med krav til utrykkingstid langt utanfor sentrum, heller ikkje høghus som gjer redning eller sløkking vanskeleg utan høgdeutstyr.

Kommunen har 4 kommunale vassverk som forsyner om lag 1450 personar. Resten av innbyggjarane vert forsynt gjennom private vassverk og enkeltforsyningar. Det er viktig å sikre eit oppdatert leidningsnett, beredskapsvatn og gode og trygge drikkevasskjelder, også for framtidige generasjonar.

Ei overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) er fundamentet for arbeidet med samfunnstryggleik i kommunen. Sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt set krav til at kommunane skal ha overordna ROS-analyse og beredskapsplan. Lærdal kommune si overordna ROS-analyse er frå 2015. Kommunen er i gang med å revidere planverket for risiko og beredskap, som skal vedtakast i 2018.

## 2.14 Klima, natur og miljø

Lærdal kommune var ein av dei fyrste kommunane som vedtok ein Energi- og miljøplan (vedtak i 2007). Denne vart følgd opp med ein Plan for lokal energiproduksjon, som tok for seg vurdering av framtidige småkraftverkssaker i kommunen. I planen er det mange framlegg til mål og strategiar for korleis kommunen skal arbeide mot å verta meir miljøvenleg og berekraftig. Dessverre har planen aldri vore revidert og måloppnåinga har aldri vore evaluert. Planen er i dag lite kjend, utdatert og har behov for revidering. I kommunal planstrategi har kommunen som mål å revidere planen i 2019. Dette høver godt i forhold til at kommunen då har på plass overordna styringsverktøy i form av oppdatert kommuneplan, og har då gode overordna føringar for korleis kommunen skal arbeide for å gjennomføre Det Grøne skiftet, og bli Grøne Lærdal. Det passar då bra å følgje dette opp gjennom blant anna oppdatering av Energi- og Miljøplan.

Global oppvarming som følgje av klimagassutslepp representerer ei stor miljøutfordring for Verdsamfunnet. Gjennom kommunale planar og strategiar ynskjer Lærdal kommune å synleggjere at me tek vår felles framtid på alvor, og at me alle kan gjera ein innsats for eit godt og berekraftig miljø. Me skal verta den beste kommunen på gjennomføring av Det Grøne skiftet, og heile visjonen i kommuneplanarbeidet tuftar på ei grøn, berekraftig utvikling.

Den geografiske plasseringa til Lærdal gjer kommunen utsett for klimaendringar som auka

nedbør og høgare havnivå. Klimatilpassing er difor ein viktig del av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik.

Kommunen vil ta sin del av ansvaret for å redusere klimagassutsleppa. Heile visjonen til kommunen tuftar på ei berekraftig, miljøretta utvikling. Me skal vera best på gjennomføring av Det Grøne skiftet, og dette krev ei betydeleg omlegging av vanar, utviklingsstrategiar og fokus.

Kommunen har fokus på klimaendringane i all planlegging, og flaum og skred er vanlege problemstillingar i både overordna planlegging og detaljplanlegging. Det er utfordrande å driva arealplanlegging i ein kommune med så omfattande fareområde for spesielt flaum og skred. Radon, vind, stormflo og bølger er andre faremoment, men desse er langt i frå så betydelege som flaum- og skredfaren. Etter kvart vil og problemstillingar kring havnivåstigning verta meir og meir aktualisert. Kommunen er godt i gang med utarbeiding av ny overordna ROS-analyse for heile kommunen.

Lærdal er svært rik på naturressursar og har ein verdfull natur med fleire prioriterte artar og utvalde naturtypar. Villreinen (norsk ansvarsart) og villaksen (jf. Nasjonale laksevasdrag) har stor verdi som naturressurs i lokalsamfunnet, men og nasjonalt og internasjonalt. Kommunen har eit stort ansvar for å forvalte både desse artane, og andre prioriterte artar og utvalde naturtypar på ein forsvarleg, berekraftig måte. Nordfjella villreinområde vart ramma av CWD-førekomst på rein i 2016. I 2017/2018 vart heile stamma avhenda, då einaste sjanse for å stoppe smittespreiing var å ta ut heile stamma. Området må dermed liggja brakk i 5 år, før ein kan innføra ny stamme. Dette har skapt stor debatt i lokalsamfunnet. Det vil vera svært viktig å forvalta villreinområdet på ein best mogleg måte i desse åra området skal liggja brakk, slik at det ikkje er noko redusert kvalitet på villreinområde når det ligg til rette for å setja ut ny stamme i området.

## 2.15 Landbruk og kulturlandskap

Landbrukskontoret i Lærdal er del av Felles Landbrukskor ÅLA (Årdal, Lærdal og Aurland). Topografien i kommunen er varierende. Det er eit trongt hovuddalføre med store høg fjellsplatå og fjellvidder. I dalane er det gode lokalklimatiske forhold til å driva med jordbruksproduksjon. Fjellsidene og fjellviddene har fantastiske beiteforhold til beitedyr. Det ligg soleis godt til rette for å produsera mat i desse tre kommunane.

Jordbrukslandskapet syner og at naturressursane har vore utnytta i mange generasjonar tilbake i tid. Funn av kulturminne og jordbruket sitt kulturlandskap har mange prov på det.

Kommunen har verneområde med nasjonal viktige natur- og kulturmiljø, som er underlagd verneforskrift. Dette gjeld Bleia Naturreservat og Bleia og Storebotn landskapsvernområde.

Landbruksnæringa er grunnlaget for å oppretthalda eit levande jordbrukslandskap, liv i bygdene og lokalsamfunnet. Landbruket produserer både mat og det vakre jordbrukslandskapet som er viktig for dei som bur her, for næringslivet, og for dei som besøker bygda. Jordbruket er i stor grad ein av føremonene til at me kan kalla oss «Grøne

Lærdal», både i form av faktisk farge på store delar av dalen om våren/sommaren, og fordi det Grøne også representerer landbruket, kulturlandskapet og naturen rundt oss.

Dei klimatiske forholda i Lærdal, som gjer at dalen er godt eigna til å dyrka frukt, bær og grønnsaker, har gjeve grunnlaget for at frukt- og grøntnæringa står sterkt i bygda. I tillegg har kommunen eit aktivt husdyrmiljø med sauehald, mjølkeproduksjon (kyr og geit), gris og pelsdyr. Det meste av det dyrka arealet i Lærdal vert heldt i god hevd.

## 2.16 Helse og omsorg

Under Helse- og Omsorgssektoren i kommunen finn ein mange av tenestetilboda til kommunen, både innan førebygging, behandling, omsorg, akuttbehandling, tannhelse osv. som er svært viktige tenestar for innbyggjarane.

Innanfor helsetenesta, finn ein legeteneste, psykisk helseteneste/rus, fysio- og ergoterapi, helsestasjon og jordmor, teneste for menneske med nedsett funksjonsevne, miljøretta helsevern og Frisklivssentral. Nokre av desse tenestene er samla i Helsesenteret i sentrum, medan nokre av tenestene er samla i Doktorheimen aktivitetssenter.

Innan Pleie og Omsorg finn ein sjukeheimen, kjøkken, spesielt tilrettelagde tenestar, heimetenesta, dagtilbod for heimebuande med demens og støttekontakt-ordning. Kommunen har i 2017 gjort den største investeringa i kommunen si historie ved bygging av Omsorgsbustadar ved Pleie- og omsorgssenteret.


I Sogn Lokalmedisinske senter (LMS) finn ein legevaktsentral, legevakt og kommunale akutte døgnplassar (KAD). LMS er lokalisert på sjukehuset.

Lærdal sjukehus høyrer til Helse Førde. Sjukehuset har vore gjennom store endringar, og det var for nokre år sidan spørsmål om å at sjukehuset skulle leggjast ned. No har sjukehuset fått fleire viktige funksjonar og er stadig i utvikling. Den siste utviklinga er at MR-maskin vert lokalisert på sjukehuset, noko som gjer til at reisetid og ventetid på MR-røntgen i fylket vil gå betydeleg ned. Sjukehuset har avdelingar innan akuttmedisin, «God Start»-tilbod (barselavdeling for mor og barn som ikkje har behov for medisinsk oppfølging), Kirurgisk sengepost/poliklinikk og Laboratorium medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB).

Lærdal kommune har stort potensiale til å bli Helsekommunen i Sogn. Me har alle føremoner for å utvikle kommunen til å verta fremst i regionen på helse- og omsorgstenestar, og har allereie mange gode tilbod som kan utviklast enno vidare. Spesielt innan psykiatri og rehabilitering har kommunen føremoner i form av tilgjengelegheita til rekreasjons- og friluftsområde, og i det heile vakker natur som kan nyttast i stor grad innan folkehelse, førebyggjande tiltak, rehabilitering og psykiatri.

Lærdal kommune vedtok i 2012 ein Helse- og Omsorgsplan. Her var ein av dei vedtekte strategiane å etablere ei helse- og omsorgstrapp med seks steg:





Bilete er frå Helse- og Omsorgsplan til Lærdal kommune (vedtak i 2012), og syner omsorgstrappa til kommunen.

Dei sentrale grepa i omsorgstrappa:

- Auka satsing på førebygging, tidleg innsats og aktiv omsorg.
- Yte tenester på best mogleg omsorgsnivå (BEON).
- Vri ressursinnsatsen frå eit stort preg av institusjonsbasert teneste til større grad av heimebaserte tenester; dvs. styrke trinn 1 – 4 i helse- og omsorgstrappa.
- Vurdere å gjere om aldersheimen til omsorgsbustader/bukollektiv der ein kan yte fleksible tenester på nivå 2 og 3 i omsorgstrappa (både som heimetenester og heildøgns tenester).
- Satse på kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering.
- Delta i interkommunalt samarbeid om løysing av oppgåver.
- Gjennomgang av organisasjonsstrukturen for å sikre heilskapleg styring og prioritering, inklusive gjennomgang av leiarstruktur.
- Gjennomgang av rutinar og system for tildeling av tenester.
- God informasjon om tenestetilbodet.
- Etablering av ei koordinerande eining.

## 2.17 Samferdsel og infrastruktur

Sjølv om Lærdal i fleire generasjonar har vore eit viktig trafikk-knutepunkt, skjedde det store endringar for 15 - 25 år sidan. I 1995 vart ferjesambandet Fodnes-Mannheller opna og korta inn reisetida til Sogndal. Same år opna vegen til Årdal. I 2000 opna Lærdalstunnelen. Hovudvegen gjennom kommunen er E16 frå Aurland via Lærdalstunnelen / Håbakken og over Filefjell. Når utbetringa av vegen over Filefjell er ferdig i 2018 vil den ha tilnærma 100% vinterregularitet. Rv 52 over Hemsedalsfjellet er og ein viktig hovudveg som møter E16 på Borlaug. Det same gjeld RV5 frå Florø via Førde og Sogndal med tilknytning til Nordvestlandet

som endar på Håbakken. Dette gjer ikkje berre Håbakken, men heile kommunen til eit sentralt knutepunkt for det overordna nasjonale vegnettet i Sør-Noreg.

Regjeringa vedtok i 2017 at det skal vera funksjonsdeling mellom fleire ulike hovudsamband gjennom Sør-Noreg. RV52 skal vera hovudsamband for næringstransport. I eit slikt perspektiv vil Lærdal også i framtida vera eit sentralt knutepunkt. Trafikken vil auke og reisetidene mellom viktige målpunkt vil verte ytterlegare redusert.

Lokalvegen gjennom kommunen og hovudvegen aust/vest var tidlegare ein og same veg. Når planlagd lang tunell frå Voll og forbi Ljøsne skule står ferdig skal det meste av E16 frå Håbakken og austover ha skilt lag med lokalvegen.

Sommartrafikken er over dobbelt så stor som vintertrafikken, men når ein samanliknar trafikken i 2009 med trafikken i 2014 for Borgundstunnelen og Lærdalstunnelen, har årleg trafikkauke vinterstid vore over 3% medan sommartrafikken berre har auka med 1%.

## 2.18 Tettstadutvikling

Kommunen har vore gjennom fleire prosessar med vurdering av tettstadutvikling og sentrumsutvikling dei siste 8-10 åra, utan at nokon av prosjekta har førd til gjennomføring. Økonomien i kommunen har dei siste åra vore stram, noko som har førd til at ei ynskja utvikling av sentrumsområde ikkje har vorte gjennomført. Det har likevel vorte gjennomført fleire vellukka mindre prosjekt gjennom Lærdal Næringsutvikling som Levande Lokale-prosjektet, der ein blant anna har klart å skape fleire etableringar av verksemder i Gamle Lærdalsøyri, og fått auka fokus på bedriftsetablering og bruken av kunst og design i lokal verdiskaping.

Lærdal Næringsutvikling har og vore aktiv pådrivar av eit Tettstadutviklingsprosjekt. Det er ynskeleg å sjå tettstad-/sentrumsutvikling i samanheng med kommuneplanen, spesielt sidan Attraktive Lærdal er ein av verdiane som skal leggja føringar for samfunnsplanlegginga. Nokre tiltak som har vore tema i høve utvikling av sentrum er for eksempel:

- Etablere eigen bussparkeringsplass i sentrum.
- Utvikle rådhusparken til å bli meir attraktiv og meir brukt både av innbyggjarar og gjennomreisande.
- Utvikle uteområdet kring Kulturhus/Kunstsenter/Villaksenter. I denne samanhengen må det og vurderast verdisetting på naturvernområde for Fjøreknappen. Er denne framleis gjeldande, når ikkje Fjøreknappen lenger er raudlista?
- Utvikling av næringsarealet/bustadarealet mellom gamle Lerum og Kulturhuset.
- Levande lokale, både i «nye-sentrum» og Gamle Lærdalsøyri.
- Betre tilrettelegging for besøkande – meir benkar og bord, betre skilting, betre toalettforhold.

## 3 Utfordringar

### 3.1 Generelt

Det er dei siste åra gjort mykje arbeid kring analyse, statistikk og prognosar for utviklinga av Lærdalssamfunnet knytt til Omstillingsarbeidet. Det vert difor i Samfunnsdelen vist til desse analysane og utgreiingane som vedlegg til plan. Ein vil likevel her summere opp hovudutfordringane ein ser for seg i åra som kjem.


I samband med samfunnsanalysen som vart utført i 2012 og 2013, og revidert i 2015 vart det utarbeida ein SWOT-analyse innan området Samfunn/Bustad. Revideringa føregjekk med involvering av politikarar, kommuneadministrasjonen, næringslivet og omstillingsstyret. Resultata er i stor grad gjeldande også i dag.

<p><b>Styrkar</b></p> <p>Lærdal har:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sentral plassering i regionen og landet</li> <li>• Naturgjevne føresetnader og sterk kompetanse innan naturbaserte næringar</li> <li>• Godt omdømme («merkevare»)/rik kulturhistorie/stolte innbyggjarar</li> <li>• Rikt kulturliv i lag og organisasjonar, og mangfald av arrangement</li> <li>• Gode oppvekstvilkår</li> <li>• Flott landskap og godt klima</li> <li>• Samhald og dugnadsånd</li> </ul>	<p><b>Svakheiter</b></p> <p>Lærdal har:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utfordringar knytt til bustadsituasjonen gjennom mangel på bustader og tomter, lite varierte bustadtilbod og «tomme» hus</li> <li>• Nedgang i folketal - for få unge, særskilt gruppa 20-40 år</li> <li>• Få uformelle møteplassar og eit «daudt» sentrum</li> <li>• Utfordringar med å få alle til å dra i same retning</li> <li>• Ein kommune som er for lite utviklingsorientert</li> </ul>
<p><b>Moglegheiter</b></p> <p>Lærdal kan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla bustadareal og fremja auka bustadbygging</li> <li>• Ta i mot fleire flyktningar (mottak/integrering)</li> <li>• Utnytta den geografiske plasseringa – vera det føretrukne bustadområdet i regionen</li> <li>• Framheva kvalitetane i sentrum gjennom lyssetting og ved å etablera fleire møteplassar (ref. Tettstadprosjektet)</li> <li>• Utnytta potensialet som omstillingsstatusen gir</li> <li>• Styrka sjukehuset ved endra kommunestruktur</li> </ul>	<p><b>Truslar</b></p> <p>Lærdal kan bli negativt påverka av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidsmarknaden i regionen</li> <li>• Utviklinga i kommuneøkonomien</li> <li>• Demografiske utfordringar og trendar</li> <li>• Ei svekka lokal handelsnæring – nedgang og lite mangfald</li> <li>• Nasjonale sentraliseringstrendar</li> </ul>

Utdrag frå «Utviklingsplan for omstilling i Lærdal kommune, revidert plan 2016-2018». SWOT-analyse.

### 3.2 Kommuneøkonomi

Inntekter frå rammetilskot og skatt held seg relativt stabilt. Inntekter frå sal av konsesjonskraft har vore fallande frå 2012. Oppdaterte prognosar indikerer at trenden vert broten og inntektene flatar ut eller får ein svak auke i åra som kjem. Inntekter frå eigedomsskatt på verk/bruk viser ein nedgang til 2017, men trenden vert broten i 2018 med ein mindre oppgang.



Lærdal kommune eig eit kraftverk, og avkastninga her er avhengig av utviklinga i kraftmarknaden. Figuren syner at me har vore oppe i 44,6 mill. kroner i inntekter frå sal av konsesjonskraft og eigedomsskatt på næring, verker og bruk. For 2018 er nivået 19,3 mill. kroner, ein reduksjon på 25,3 mill. kroner i høve toppåret.

Kommunen har hatt ein jamn reduksjon i driftsnivået. Frå toppåret 2013 har det vore ein reduksjon i driftsutgifter på knappe 17 mill. kroner fram til budsjett for 2018. Dette er ein reduksjon på kring 10 %. Kommunen har i denne perioden redusert tal årsverk som eit av tiltaka i prosjektet Sunn Kommuneøkonomi. Ei slik stor reduksjon i drifta har vore resultat etter langsiktig arbeid for å betre kommuneøkonomien. Det er gjennomført ei rekke tiltak for å utvikle organisasjonen gjennom endra og nye instruksar, rutinar, møtestrukturar og kommunikasjon. Sidan 2012 er det gjennomført systematisk og målretta utvikling av kommunalsjefar- og einingsleiarar. Organisasjons- og leiarutviklinga har gått hand i hand med sikte på å auke effektiviteten og skape forståing for verdien av samspel på tvers av einingane.

I tråd med råd frå læringsnettverket for ROBEK-kommunar, er det gjort store strukturelle grep gjennom endringar i skulestruktur og ombyggingar i og omorganisering av eldreomsorga. Kommunen har og redusert tal årsverk med om lag 12 % (29 årsverk) frå 2010.

Låneporteføljen er høg. Ei endring på 1% i rentenivået vil slå ut med over 2 mill. kroner på drifta. Det er ikkje venta store endringar i rentenivået dei kommande 2-3 åra, men på sikt vil rentene truleg auke igjen. Kommunen må difor prioritere investeringar som gjev innsparingar i drifta.

For å nå måla i handlingsdelen, må det leggjast til rette for vekst. For planlegginga av tenestene tek kommunen utgangspunkt i budsjetttrammene, men det ligg eit potensiale i Omstillingsprogrammet og den stabile løyvinga til Lærdal Næringsutvikling. Å lukkast med omstillingsarbeidet og folketalsvekst vil betre økonomien. Omstillingsperioden er ferdig i 2018, og det vil vera ei utfordring å ha økonomi til å følgja opp prosjekta som er starta i den

grad som vert naudsynt, for å sikra vekst og utvikling. Svak kommuneøkonomi går ut over tenestetilboda til kommunen, og det vert ein del misnøye kring at innbyggjarane ikkje får same service som dei er vande med. Dette krev god informasjon, samarbeid og stort fokus på løysingsbasert dialog.

### 3.3 Folkestalsendring

Prognose vist i fig. 3.1 syner at Lærdal kommune vil i framskrivingsperioden 2015-2040 ha en befolkningsnedgang på 111 personar. Dette er ein reduksjon på om lag 5 %, som representerer den mest pessimistiske framskrivinga for kommunen (Låg vekst – framskriving, SSB).




Fig. 3.1: Kilde: SSB.no, tabell 10213

Dersom det vert større endringar, t.d. i innflytting og utflytting, vil dette påverke prognosane monaleg, og mindre endringar i tal fødde, levealder, inn- og utflytting vil sjølvstøtt også gje mindre endringar i prognosane. Dette er dramatiske tal for kommunen. Ein så stor nedgang i folketallet vil ha konsekvensar for tenestetilbodet, arbeidsplassar, skatteinntekter, handel, osv.

Dei største utfordringane som vert peika på i prognosane fram til år 2040 er at talet på innbyggjarar i alderen 20-40 år går ned, og spesielt er det kvinnene som flyttar ut. Dette er klart negativt i forhold til moglegheit for vekst. I tillegg kan det verta store utfordringar knytt til helse- og omsorgstenestene, då prognosane seier 215 fleire eldre (+55 %) i aldersgruppa +67 år. Dette vil gje kommunen store utfordringar med å rigge ei eldreomsorg som både kapasitetsmessig og kvalitetsmessig tilfredsstillar krava sett av myndigheitene. Samstundes vil folketalsnedgangen gje endra rammevilkår for kommuneøkonomien. Fokus i den kommunale planlegginga bør i så måte vera å auke tilflyttinga og å planleggje korleis ein skal innrette eldreomsorga for framtida.




Fig. 3.2: Framskrivningsprognose frå SSB syner relativt stor auke i tal eldre fram mot 2040, men nedgang i tal personar 20-39 år, og dermed og nedgang i tal born. Kilde: SSB.no, tabell 10213.

I ein samfunnsdel har ein moglegheit til å leggja ulike prognosar til grunn. Kommunen ynskjer ikkje å tilretteleggje alle mål og strategiar for folketalsnedgang. Kommunen ynskjer vekst, og dette er og eit av programområda i Omstillingsarbeidet. Det er heilt klart at ein av hovudmåla er sterk vekst i folketalet, i tillegg til vekst i arbeidsplassar, dette heng klart saman. Ein kan ikkje driva utviklingsarbeid i kommunen om mål og strategiar skal peika i retning av negativ vekst og utvikling. Prognosane seier nedgang, men me ynskjer oppgang i folketalet, difor ynskjer kommunen i samfunnsdelen å heller nytte mål og strategiar sett i Omstillingsplanen. Desse mål og strategiane er sett etter ein omfattande prosess med utviklingsanalysar, tal og prognosar. I samfunnsdelen vert måla i Omstillingsplanen nytta som utgangspunkt, og vidareført i åra som kjem. Det blir då nytta ei klar vekstkurve som mål innanfor folketalsutvikling.

### 3.4 Arealproblematikk

For å snu folketalsutviklinga i Lærdal, lyt ein ha fokus på å skape nye arbeidsstader og gjere seg attraktiv på bustadmarknaden. Tilrettelegging for nye næringar for å skape fleire arbeidsstader vil vera viktig å fokusere på i planlegginga framover. Håbakken er eit område med stort potensiale for utvikling. Balansen mellom næringsareal og jordbruk er ei utfordring. Lærdal er ein jordbrukskommune, med mykje næring knytt til matproduksjon. Jordvernet handlar om å ikkje omregulere dyrka eller dyrkbar jord. Ofte representerer dyrka mark også dei lettast tilgjengelege, flate og nærast utbyggingsklare områda for bustad og næring.

Med bratte fjellsider, ras og flaumproblematikk, samt vern, kan nydyrking og anna utvikling vera vanskeleg. Balansen mellom desse vert difor ei viktig problemstilling framover for å få ei ynskja utvikling av kommunen.

Fareområda i Lærdal er omfattande, store delar av dalføret er omfatta av fareområde for ras og flaum. Klimaendringane set enno større krav til god og langsiktig planlegging i høve samfunnstryggleik og ein arealpolitikk tufta på kompetanse og kjennskap til risiko og sårbarheit i heile kommunen.

I tillegg til fareområde og jordvern, har kommunen og mange Utvalde naturtypar, område definert som Kjerneområde landbruk, byggjeforbod langs elva, store samferdselsårar som bandlegg mykje areal, verdfulle kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø og andre moment som avgrensar moglegheiter for å nytte tilgjengelege areal til vekst og utvikling i form av næringsareal og bustadområde.

Kommunen har eit stort behov for nye bustadareal, eventuelt fortetting i eksisterande bustadområde. Prosessar med å regulere til bustadtomtar og næringsareal er ofte langtekkelege og konfliktskapande. Skal ein lukkast med måla i Omstillingsplan og samfunnsdelen om vekst i folketal og arbeidsplassar, er ein heilt avhengig av å ha tilgjengelege bustadtomtar og næringsareal til ein kvar tid i kommunen. Det er ikkje tilstrekkeleg med berre leilegheiter, som det har vore bygd mange av dei siste åra i Lærdal. Per mars 2018 er det i kommunen planlagd kring 60 leilegheiter som ikkje er ferdig bygde enno. Til samanlikning er det berre ei ledig kommunal bustadtomt på Lærdalsøyri. På Ljøsne er det ei ledig bustadtomt, på Borgund er det 10. Det er i gang reguleringsplanarbeid for å utvide Saltkjelen bustadfelt, og det vert arbeida med å gjennomføre Øyamarki bustadfelt (privat, regulert av kommunen i 2010). Kommunen må truleg vere villig til å nytte fleire av verkemiddela kommunen har tilgjengeleg, for å lukkast i å nå måla om vekst og utvikling i bygda.

## 4 Visjon og utviklingsstrategiar

---

### 4.1 Visjonen Grøne Lærdal

Gjennom arbeidet med Samfunnsdelen i kommuneplanen har det vorte utarbeida ein visjon for Lærdal kommune: **Grøne Lærdal**

Hovudmålsetjinga med Grøne Lærdal er:

**Å bli den beste kommunen i Noreg på gjennomføring av Det Grøne skiftet**

Denne visjonen er innarbeida i Planprogrammet til Arealdelen i kommuneplanen, som skal til offentleg ettersyn omtrent samstundes med Samfunnsdelen. Ein oppsummering av arbeidet med visjonen, kva me legg i visjonen, og kva verdivar den er tufta på følgjer:

Som omstillingskommune har utviklingsarbeidet i Lærdal hatt ekstra stort fokus dei siste åra. Omstillingsarbeidet har synt oss at alle sider ved samfunnsutviklinga heng saman. Desse erfaringane har fått fram behovet for ei overordna tenking om korleis me skal utvikla kommunen vår – ein visjon og ein retning for Lærdal.

Arbeidet med samfunnsutvikling er forankra i ulike kommunale planar innanfor ulike samfunnsområde. Planane vert ofte utvikla i eigne, isolerte prosessar og peikar ofte i ulike retningar. Difor treng me ein overordna visjon for samfunnsutviklinga, eit verktøy for å driva eit heilskapleg og tydeleg utviklingsarbeid. Visjonen må vera tufta på Lærdal sine føremoner. I historia, tradisjonane og ressursgrunnlaget ligg utgangspunktet for å skapa ein felles identitet for framtida.


Lærdal er allereie godt kjend som «Lærdal den grønne kommunen», både blant innbyggjarar og utanbygdes. «Lærdal den Grøne kommunen» vart til for mange år sidan, då Rådmannssamarbeidet i Sogn vedtok at alle kommunane i regionen skulle til Oslo for å marknadsføra si bygd. Ei rask rådslaging blant lærdølane, førde fram til at Lærdal måtte marknadsføra seg som grøn og frodig i stor grad på grunn av jordbruket i bygda. Det førde til at Lærdal kommune vart marknadsført som «Lærdal den grønne kommunen» med grønsaksbod og bønder på torget i Oslo. Grøne Lærdal er ei enkel modernisering av same tankegangen, men visjonen er gjort meir brukarvenleg også i marknadsføring for reiselivet og for næringslivet, og kan no også nyttast lettare av andre enn kommunen. Visjonsarbeidet har og hatt som mål å tydeleggjera kva som er meint med Grøne Lærdal, kva det skal innebera, og kva det fører til av retningsgjevande politikk og sakshandsaming.

Visjonsarbeidet har vore organisert i ei arbeidsgruppe med representantar frå kommuneadministrasjonen og Lærdal Næringsutvikling. Visjonen har vore godt forankra både gjennom møter og verkstadar i kommuneplanarbeidet, gjennom møter i Omstillingsstyret, politiske møter, møter i Internt Planforum i kommuneadministrasjonen og i opne folkemøter. I april 2018 vart det arrangert open næringsverkstad med dialogkafé, der folk i Lærdal, og kanskje næringslivet spesielt, vart invitert til å bli med på å forme innhaldet i Grøne Lærdal. Det har vore stor positivitet kring Grøne Lærdal-visjonen med knapt ein einaste motførestilling om å nytte dette som visjon. Folk har vore opptekne av innhaldet, og



om gjennomføringsevna til bygda om å nå måla som er sett. Det vil vera viktig i det vidare arbeidet å visa til resultat.

Grunnlaget for val av visjonen er fortrinn, assosiasjonar og identitet.  
Stikkord om bakgrunn for Grøne Lærdal:



*Tankekart utarbeida etter innspel frå verkstadar om visjonsarbeidet.*

Programområda i omstillingsarbeidet er

A: Vekst i Lærdal

B: Attraktive Lærdal

For å samordne omstillingsarbeidet og visjonsarbeidet vert utviklingsstrategien til kommunen slik:

## Grøne Lærdal

**Mål: Å bli den beste kommunen i Noreg på gjennomføring av Det Grøne skiftet**

### Programområde 1:

#### Grøne Lærdal i vekst

Det natur- og kulturbasert ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og brukast som fundament for ei breiare satsing på grøn næringsutvikling.

Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.

Gjennomføre Det Grøne skiftet gjennom kontinuerleg og målretta arbeid i samfunnsplanlegging og –utvikling, med fokus på at vekst og utvikling skal skje på ein berekraftig, miljøvenleg, moderne og innovativ måte.

### Programområde 2:

#### Grøne Attraktive Lærdal

Lærdal skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.


Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn der alle skal trivast og vera trygge.

Lærdal skal framstå som ei vakker og ryddig bygd, som innbyggjarane kan vera stolte av og med eit yrande kulturliv som skapar attraktive sosiale møteplassar.

**Det Grøne Skiftet** vil seia:

- omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor naturen si tolegrense
- ein overgang til produkt og tenestar som gjev mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag.

Dei to programområda våre inneheld desse fokusområda:



Ein kort oppsummering av kva som er tenkt med dei ulike fokusområda, utan at dette er fastlagd.

**Grønt Bumiljø** – handlar om korleis me har det rundt oss, korleis me bur, byggjer og planlegg for utbygging.

**Grøn Lærdøl** – er den miljøbevisste innbyggjaren som har god kompetanse innan energisparing og boshandtering, og har ein bevisst haldning til eige forbruk og avfall. Grøn Lærdøl er stolt av bygda og bidreg aktivt til å ta vare på føremonene våre som Grøn, som naturen, naturressursane, jordbruket og kulturlandskapet.

**Grøn Produkt- og teknologiutvikling** – handlar om at ei gjennomføring av Det Grøne skiftet avhenger av ny teknologi og nye produkt for å lukkast. Dette kan vere alt i frå å utvikle eit miljøvenleg bærenett – «Lærdalsnettet» (og kanskje forby plastposar i butikkane) til meir avansert IT-teknologi eller utvikling av meir miljøvenlege køyretøy, nye oppvarmingsmetodar eller eit meir klimavenleg landbruk.

**Grøn Energi** – handlar om både lågare energiforbruk i for eksempel husstandar, men også innan transportsektoren og betre energiattvinning – og utvinning. Det handlar om utvikling av kraftbransjen og tilrettelegging for bruk av elbilar, elsyklar osv.

**Grøn Kompetanse** – handlar om at ein er avhengig av meir kompetanse innan miljøteknologi, miljøvenlege metodar osv. for å kunne lukkast med målsetjinga i kommuneplanarbeidet. Tanken er å etablere Grøn Kompetanseklynge i Lærdal, som kan vera bidragsytarar også til andre kommunar og næringsverksemdar.

**Grøn Primærnærings** – handlar om å gjera jordbruket meir klimavenleg, både gjennom reduksjon av klimagassar, betre utnytting av dyrkbar jord, betre teknologi osv.

**Grøne arbeidsplassar** – handlar om at arbeidsplassane (altså verksemdene) skal vera miljøbevisste og leggja til rette for at deira verksemd kan bidra positivt for gjennomføring av Det Grøne skiftet. Det handlar og om å skapa utvikling og vekst i bygda, og skapa nye arbeidsplassar basert på Grøn Næringsutvikling.

**Grønt Reiseliv** – har me kanskje i ein viss grad i dag, med stort fokus på vandring og sykling, men det er stort potensiale for forbedring. Arbeida vidare med Miljøfyrtårn-sertifisering, sporlaus ferdsel, kortreist/ureist mat, effektiv logistikk for dei reisande, gode kollektivtilbod også for besøkande, tilrettelegging for sykling i staden for bil osv. kan vera døme på tiltak innan Grønt Reiseliv.

**Grøn Kultur** – handlar om at det i bygda skal vera eit yrande kulturliv og stor dugnadsinnsats for å få til store sosiale møteplassar/arrangement som kan gjera det attraktivt å bu og besøka Lærdal. Grøn Kultur handlar og om å nytta kultur, kunst, kulturmiljø og kulturlandskap til lokalproduserte varer, marknadsføring av Lærdal og som føremoner i arbeidet med Grøne Lærdal.

## 4.2 Gjennomføring av Grøne Lærdal

*Samfunnsdelen kan ikkje gå i djupna av fokusområda med detaljerte målformuleringar innan kvart område. Utvikling av Grøne Lærdal bør organiserast som eit prosjekt med ei arbeidsgruppe som skal ta Grøne Lærdal vidare. Målsetjinga med prosjektet må vera å utarbeida eit Handlingsprogram for Grøne Lærdal. Det er tenkt at Grøne Lærdal skal vera eit «Lærdalsprosjekt», der samskaping og stor grad av medverknad skal vera førande for arbeidet. Mandatet til arbeidsgruppa vil vera å utarbeida Handlingsprogram for Grøne Lærdal, som skal vera detaljerte målformuleringar, tiltaksplan og plan for gjennomføring av tiltaka, framdrift og ansvarsfordeling.*

## 5 Handlingsdel – mål, strategiar og tiltak

### 5.1 Overordna mål:

**Lærdal kommune skal vera den beste kommunen i å gjennomføra Det Grøne skiftet.**

#### **Programområde 1: Grøne Lærdal i vekst**

Hovudmål:

- Det natur- og kulturbasert ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og nyttast som fundament for ei breiare satsing på Grøn næringsutvikling.
- Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.
- Gjennomføre Det Grøne skiftet gjennom kontinuerleg og målretta arbeid i samfunnsplanlegging og –utvikling, med fokus på at vekst og utvikling skal skje på ein berekraftig, miljøvenleg, moderne og innovativ måte.

#### **Programområde 2: Attraktive Grøne Lærdal**

Hovudmål:

- Lærdal skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.
- Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn der alle skal trivast og vera trygge.
- Lærdal skal framstå som ei vakker og ryddig bygd, som innbyggjarane kan vera stolte av og med eit yrande kulturliv som skapar attraktive sosiale møteplassar.

#### **Delmål for å gjennomføre utviklingsarbeidet:**

Lærdal kommune skal:

- ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år, med ein årleg vekst på over 1 %, og vekst på 15 % innan 2030  
Målet er at innbyggjartalet skal vera 2300 personar innan 2024, og 2400 personar innan 2028.
- vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemdar og i nye arbeidsplassar. Det skal vera minst 1.200 arbeidsplassar innan utgangen av 2024. Me skal bidra med minst 5 nye bedrifter knytt til Det Grøne skiftet innan 2024.
- ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- redusera utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- ivareta landbruksnæringa og sikre dyrkbar jord for framtida
- sikre at utbygging av hytteområde og enkelthytter tek omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta sin tilgang til friluftsområde
- jobbe for gode og sikre vegsamband med utbygging av strekninga Håbakken – Lærdalsøyri, lang tunnel forbi Ljøsne (E 16), brukryssing Fodnes – Mannheller og vintersikker RV52 over Hemsedalsfjellet

- styrke sin posisjon som helsekommunen i Sogn, både ved å styrke eksisterande funksjonar ved sjukehus og Lokalmedisinsk senter, men også ved å arbeide for etablering av nye tenester, tilbod og funksjonar innan helse, omsorg, førebygging og rehabilitering
- arbeide kontinuerleg for å betre infrastruktur/kommunikasjon i alle delar av kommunen
- byggje vidare på merkevara, då spesielt med tanke på å vidareutvikle attraksjonane me har (dei gamle vegane, Gamle Lærdalsøyri, Indre Sogn Kunstsenter/Villakssenteret, Borgund Stavkyrkje), men og leggje til rette for nye reiselivsverksemder og attraksjonar
- styrke Lærdalsøyri som kommunesenter og skapa ein levande tettstad med eit attraktivt sentrumsområde.

**Vidare følgjer konkrete målsetjingar og strategiar innan dei ulike ansvarsområda i kommunen:**

## 5. 2 Næring

### MÅL:

- Det natur- og kulturbaserte ressursgrunnlaget skal vera sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og brukast som fundament for ei breiare satsing på Grøn næringsutvikling.
- Lærdal skal vera leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke fortrinn
- Det skal vera minst 1200 arbeidsplassar i Lærdal innan utgangen av 2024.
- Me skal bidra med minst 5 nye bedrifter knytt til Det Grøne skiftet.

### STRATEGIAR:

- Utvikle verdikjeder basert på naturgjevne råvarer.
- Lokal verdiskaping framfor eksport av råvarer.
- Materialisere Det Grøne skiftet og sirkulær økonomi.
- Utvikle arbeidsplassar, kunnskap og kompetanse knytt til ny grøn industri.
- Etablere nye grønne arbeidsplassar.

### Prioriterte prosjekt:

- Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt (Prosjekt med eksterne A-eigarar)
- Levande lokale - Tettstadutvikling
- Tataki
- Utvikling av Håbakken Næringspark
- Offentlege arbeidsplassar
- Næringsvenleg region

## MÅL:

- Lærdal skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.
- Lærdal skal vera eit inkluderande og mangfalding lokalsamfunn der alle skal trivast og vera trygge
- Det skal vera 2300 innbyggjarar innan 2024.
- Det skal vera 2400 innbyggjarar innan 2028.
- Omsetnaden per innbyggjar i detaljhandelen (kr) skal vekse meir enn gjennomsnittet i Vestland fylke.

## STRATEGIAR:

- Arbeida aktivt og kontinuerleg for å få etablert attraktive og til ein kvar tid tilgjengelege bustadtomter i kommunen. Dette bør i hovudsak skje gjennom initiativ frå grunneigarar og utbyggjarar, men dersom det er naudsynt, må kommunen ta i bruk tilgjengelege verkemiddel for å regulere til bustadareal og få i gang utbyggingsprosjekt for bustadbygging.
- Vera ein tilretteleggjar for utbyggjarar som ynskjer å utvikla ulike bustadalternativ i kommunen, og skal vera pådrivar for utbyggingsprosjekt og bidra med juridisk kompetanse i bygge- og plansaker.
- Opparbeida Grøne tomter, der fokus på energiutnytting, transport, miljøvenleg materiale, moderne teknologi og utbyggingsmønster er i fokus.
- Vera den føretrekte bustadkommunen i Sogn.
- Som vertskommunen for flyktingar skal me vera inkluderande og arbeida aktivt for at flyktingane vert likeverdige sambygdingar med andre tilflyttarar og fastbuande.
- Arbeida for at bygda framstår som rein og rydding med fokus på å sikre kapasitet og ressursar til å gjennomføre stell og vedlikehald av grøntareala og rydding og beplantning i spesielt sentrumsområde
- God oppfølging av forureiningssaker, informasjonskampanjar om rydding av diverse avfall (landbrukseigedomar, verksemder, bilvrak, osv.) og leggje til rette for at skulane, lag og organisasjonar bidreg i årleg rydding av bos langs vegar, i friluftsområda og anna.
- Nye innbyggjarar/tilflyttarar skal oppleva å få ein god velkomst og den informasjonen dei treng.
- Vera ein god ambassadør for næringslivet og kvalitetane dei sit på.

## MÅL:

- Det skal leggjast til rette for vekst innan Landbruksnæringa med fokus på berekraftige og miljøvenlege produksjonsmetodar og utvikling.
- Sikre areal til jordbruk, ha fokus på jordvernet.

## STRATEGIAR:

- Tiltak som legg til rette for eit meir miljøvenleg landbruk (jf. Det Grøne skiftet) skal prioriterast ved tildeling av tilskot.
- Leggje til rette for å auke lønsemd og verdiskaping innan landbruket.
- Oppretthalda talet på produsentar.
- Det Grøne skiftet skal prega utviklinga av landbruksnæringa.
- Oppretthalda og helst auka eksisterande produksjonar innan grønt-næringa.
- Sikra sterkare kontroll av verdikjeda innan husdyrhaldet.

- Oppretthalda og helst auka mjølkeproduksjonen.
- Auka beitebruken som ledd i eit levande kulturlandskap.
- Styrka det totale driftsgrunnlaget på landbrukseigedomane, ved t.d. å leggja til rette for auka verdiskaping knytt til jakt- og fiskeressursane, utnytta moglegheitene innanfor reiselivet og eit auka fokus på profilering og bruk av lokal mat.
- Verkemiddelapparatet må stimulera til samarbeidsprosjekt som kan koma fleire aktørar og næringa som heilskap til gode.
- Areal som vert definert som Kjerneområde Landbruk må sikrast gjennom omsynssoner i arealplanar.

**MÅL:** Vekst i Reiselivsnæringa, spesielt arbeide for vinterdestinasjonen Lærdal

**STRATEGIAR:**

- Leggje til rette for samordning, gode fellesskapsløysingar og positive relasjonar mellom reiselivsaktørane.
- Vidareutvikle Kongevegprosjektet med fokus på infrastruktur og logistikk, gode trygge gang- og sykkelvegsløysingar mellom partia på Kongevegen, utvikle overnattingsmoglegheiter og mattilbod.
- Sikre heilårsopne kafear i sentrum.
- Sikre god drift og utvikling av Villakssenter og kunstformidling.
- Sikre ledig overnattingskapasitet heile året.
- Vidareutvikle Nasjonal Turistveg Aurlandsfjellet, etablere attraksjonar også på Lærdalssida. Sikre vinteropen veg til «Bjørnehiet».

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Sette av tilstrekkeleg med bustadtomter, og leggje til rette for ulike bustadalternativ. Ha ferdig regulerte bustadtomter til ein kvar tid.
- Sette av tilstrekkeleg med næringsareal. Ha ferdig regulert næringsareal til ein kvar tid.
- Leggje til rette for sentrum- og tettstadutvikling for å gjera Lærdal meir attraktiv som bustadkommune og for etablering av næringsverksemd.

## 5.3 Natur, klima og miljø

**MÅL:**

- Bevare dei store landskapstrekka og landskapsverdiane og avgrense inngrep som byggjer ned desse.
- Ivareta kulturlandskapet og avgrense attgroing.
- Auke verdiskaping basert på natur- og kulturarven.
- Ivareta viktige kulturminne og kulturmiljø.

**STRATEGIAR:**

- Vera varsam med utbygging i store samanhengande område utan større tekniske inngrep (i stor grad fjellområde/snaufjell) og i viktige friluftsområde, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag, samt viktige kultur- og naturlandskap.



- Oppdatere registreringane av dei viktigaste kjerneområda for landbruk og kulturlandskap, og dei viktigaste natur- og friluftsområda.
- Opparbeide god kompetanse og oversikt over verdfulle kulturminne og kulturmijø i kommunen, og kartfeste og dokumentere desse.

## MÅL:

- Sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane.
- Ivareta naturmangfaldet.

## STRATEGIAR:

- Registrere viktige mineralførekomstar i kommunen.
- Oppretthalda ei lokal og berekraftig forvaltning av hjortevilt og villaksen.
- Sikre villreinområde i Nordfjella gjennom å innarbeide omsynssone for utvalde naturartar i kommuneplanen sin arealdel.
- Ta omsyn til naturmangfaldet i planlegging og gjennom handsaming av enkeltsaker.

## MÅL:

- Vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) skal nå miljømåla som er sett i den regionale vassforvaltningsplanen.
- Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar verre. Der det er mogleg, skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

## STRATEGIAR:

- Leggie til rette i føresegn og løyver for at nye bygg og ny arealbruk ikkje fører til at tilstanden av elvar, bekkar innsjøar og kystvatn vert dårlegare.
- Sørge for at nye tiltak bidreg til at vassmiljømål vert nådd der dette er praktisk og økonomisk mogleg.

## MÅL:

- Redusere utslepp av klimagassar.
- Redusere kommunal energibruk med 10 %.
- Auke lokalproduksjon av fornybar energi.
- Redusere avfallsmengder.

## STRATEGIAR:

- Fremje bevisstgjerung av innbyggjarane sitt forbruk og forureining.
- ENØK-analyse av kommunale bygg – sikre oppfølging.
- Støtte lokalproduksjon av fornybar energi og andre energi – og klimareduserande tiltak.
- Fremje bevisstgjerung av innbyggjarane sitt forbruk og avfallshandtering.

## Føringar for det vidare arbeidet med arealdelen:

- Sikre landskapsverdiane, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø med omsynssoner i arealdelen.
- Sikre gode og trygge gang- og sykkelveg-løysingar i heile kommunen.

## 5.4 Helse

**MÅL:** Bli den fremste kommunen i Sogn innan helsesektoren, med varierte tenester og god kompetanse, som kan yte gode helsetenester også til andre kommunar i regionen

**STRATEGIAR:**

- Vidareutvikle tenestetilboda på Lærdal sjukehus og Lokalmedisinsk senter, og leggje til rette for etablering av nye tenestetilbod. Sikre god dialog med Helse Førde og kommunane i regionen om utviklingsarbeidet.
- Sikre svært god kompetanse innan alle eksisterande helsetenestetilbod.

**MÅL:**

- Sikre best mogleg folkehelse med dei ressursane som er tilgjengelege i kommunen.
- Leggje til rette for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet.
- Utjamne sosiale helseskilnader.

**STRATEGIAR:**

- Leggje til rette for lågterskeltilbod innan kultur, idrett og friluftsliv, der økonomi ikkje er avgjerande for deltaking.
- Sikre ei plan- og målstyrd utbygging av idrettsanlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Satse på førebyggjande og helsefremjande tiltak med eigenmestring i fokus for å førebyggje funksjonssvikt og forverring av helse.
- Utarbeida ein Folkehelseplan.
- Kartleggje status for helsetstanden og påverknadsfaktorane i kommunen.
- Vidareutvikle gode primærhelsetenester i kommunen, og vidareutvikle god rehabilitering og omsorgsteneste.
- Avklare og formalisere samarbeid internt i kommunen, med «andrelinja», andre kommunar og instansar som det er naudsynt og tenleg å samarbeide med.
- Sikra ålmenta viktige og varierte friluftssareal og tilgang på fjellfiske i alle delar av kommunen. Etablere universelt utforma turdrag på turdraget på elveførebygginga på Lærdalsøyri. Vidareutvikle Sluppen, Mjølkeflaten og Kvamme (skiløypene) som viktige friluftsområde i kommunen. Vinteropen veg til Vardahaug bru, kan sjåast i samanheng med reiselivsattraksjonen «Bjørnehiet».

**MÅL:** Kommunen skal vera føregangskommune innan ernæring til eldre.

**STRATEGIAR**

- Ha god kompetanse og kvalitet på ernæring til eldre og arbeide målretta for optimal ernæring til alle brukarar.

**MÅL:** Flest mogleg innbyggjarar kan bu heime så lenge som mogleg.

## **STRATEGIAR**

- Styrke og prioritere kortidsopphald framfor å satse på sjukeheim som buform.
- Heimetenesta skal halda sterkt fokus på tenester og tiltak i eigen heim.
- Styrke og vidareutvikle demensomsorga og vidareutvikle heildøgstenestar i omsorgsbustadar.

## **Føringar vidare med arealdelen**

- Sikre tilstrekkeleg areal til offentleg tenesteyting.
- Sikre universelt utforma, sentrumsnært turdrag.
- Sikre viktige og varierte friluftareal i kommunen.

## 5.5 Kultur og Oppvekst

**MÅL:** Lærdal kommune skal vera ein god plass å veksa opp i.

### **STRATEGIAR:**

- Born og unge skal kunne føla tilhøyrlegheit og ha framtidsutsikter i kommunen – stolte lærdøler – ved å byggja identitet og arbeide med omdøme.
- Sikre eit aktivt Ungdomsråd.
- Sikre full barnehagedekning og sikre eksisterande Borgund barnehage og Borgund skule, for at ikkje yngre born får lang reiseveg til og frå barnehage og skule.
- Sikre pedagogisk kompetanse i barnehage og skule.
- Tilgjengeleg miljøarbeidar og helsesystemer i skulen, og godt samarbeid mellom helsestasjon og skulen.
- Arbeide tverrfagleg og i tett samarbeid med ulike fagetatar om førebyggjande helsearbeid retta mot born og unge, spesielt innan rus og psykiatri.
- Tidleg innsats i skule og barnehage både innan spesialpedagogiske tiltak, andre behov for tilrettelegging og mobbing.
- Sikre godt inneklima, oppdatert datateknologi og trygge læringsmiljø i skule og barnehagane.
- Ha stort fokus på folkehelsearbeidet, spesielt innan førebygging for bruk av snus, røyk, alkohol i tillegg til helsefremjande arbeid knytt til psykiatri, fedme osv.
- Bli godkjend som Trafikksikker kommune og arbeide kontinuerleg med arbeidet med trafikktryggleik og spesielt trygge skuleveggar.
- Ha gode rutinar for vedlikehald av skular/barnehagar, samt sikre stimulerande uteområde for born.
- Ha fokus på ein heilskapleg skulegang frå barnehage til vidaregåande skule, som sikrar gode overgangar for den enkelte.
- Ha eit bevisst fokus og ein langsiktig strategi for kompetanseutvikling i skulen.
- Oppretthalda og utvikle Ungdomsklubb – tilbodet.
- Leggja til rette for eit breitt spekter av aktivitetstilbod for born og unge.

**MÅL:** Det skal vera eit yrande kulturliv med attraktive attraksjonar og arrangement med fokus på mangfald og eit aktivt kulturliv året rundt

**STRATEGIAR:**

- Vera ein god tilretteleggjar for arrangørar.
- Samarbeide med arrangørane om årshjul, tilrettelegging, marknadsføring og attraktivitet.
- Oppretthalda ein aktiv og mangfaldig kulturskule.

## 5.6 Tenester

**MÅL:** Tenestene skal vera i samsvar med lover og forskrifter og med god nok kvalitet.

**STRATEGIAR:**

- Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og leggje til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen.
- Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenestar og kontinuerleg evaluere organisasjonen.
- Sikre rekruttering av personar med høg kompetanse og/eller god arbeidserfaring og viktige kvalitetar. Leggje til rette for at nyttilsette har tilgang på gjennomgangsbustadar i kommunen, slik at mangel på plass å bu ikkje skal vera til hinder for å søkja på ledige stillingar i kommunen.
- Prioritere kompetanseutvikling for tilsette.
- Vere i dialog med brukarane, vurdere behov og kartlegge brukaren sine eigne ressursar.
- Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats.

**MÅL:** Lærdal kommune skal ha ein berekraftig økonomi med eit nettoresultat på 3 % som vert sett av på dispensasjonsfond, og ha reserver på 4-5 % av samla driftsinntekter.

**STRATEGIAR:**

- Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar.
- Sikre realistisk budsjettering.
- Arbeide for ein sterkare kopling mellom prioriteringar i kommuneplanen, budsjett, økonomiplan og arbeidsoppgåver.
- Leggje til rette for at administrasjonen, politikarar og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar.

**MÅL:** Lærdal kommune skal ha eit godt omdømme

**STRATEGIAR:**

- Sikre eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen.
- Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov.
- Gje innbyggjarane god informasjon, gje raske tilbakemeldingar og ha oppdaterte, framtidsretta og brukarvenlege kommunikasjonsløyisingar.
- Leggje til rette for involverande prosessar, spesielt i saker som gjeld endring/nye forskrifter, plansaker og større utviklingsprosjekt.
- Nytte «Grøne Lærdal» som ei merkevare og ha eit aktivt samarbeid med reiselivet, næringslivet, lag og organisasjonar for å nytte merkevara i all marknadsføring av tilbud, arrangement og aktivitetstilbod.

**MÅL:** Tilsette i Lærdal kommune skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråværet skal ikkje vere over 5 %.

**STRATEGIAR:**

- Leggje til rette for faglege og sosiale møteplassar på tvers av sektorar.
- Tilby leiarutvikling.
- Arbeide med nærleik, prioritere oppfølging av sjukefråvær, tilby gode seniorspolitiske tiltak og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv.
- Sikre naudsynt kompetanseheving og leggje til rette for eit utviklande arbeidsmiljø.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Sikre areal til offentleg tenesteproduksjon.
- Sikre areal/tilgang til kommunale bustadar.

## 5.7 Samfunnstryggleik

**MÅL:** Lærdal kommune skal til ein kvar tid ha gode system for beredskap

**STRATEGIAR:**

- Ha ein god, oppdatert og godkjend beredskapsplan og plan for kriseleiinga, og øve i samsvar med kvalitetssystemet for beredskapsarbeid.
- Ha ein oppdatert overordna ROS-analyse til ein kvar tid.
- Bevare og utvikle sjukehuset sine funksjonar.

**MÅL:** Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen

**STRATEGIAR:**

- Sikre skredutsette vegar i kommunen.
- Sikre beredskapsfergekai i Habben.
- Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar – spesielt for innbyggjarane i Erdal og Vindedalen.
- Førebyggje ved rydding og hogst av vegetasjon langs vegar og leidningsnett.
- Sikre optimal kommunikasjonsdekning og straumforsyning i heile kommunen.

**MÅL:** Utbygging skal skje i størst mogleg grad i flaum- og skredsikre område (eventuelt sikre område) og eksisterande bygningar og infrastruktur skal sikrast.

**STRATEGIAR:**

- Oppdatere faresonekart for flaum og skred.
- Busetnaden på Lærdalsøyri skal flaumsikrast i samarbeid med NVE.
- Avklare flaum- og skredfare gjennom oppdaterte arealplanar og leggje inn omsynssoner for å synleggjere faresonene.
- Sikre bygningar og infrastruktur som ligg i flaum- og skredutsette område, og samarbeide aktivt med NVE om tilskot og støtteordningar, kompetanseinnhenting, kartlegging og gjennomføring.
- Tilpasse utbygging og infrastruktur til framtidige klimaendringar.

**MÅL:** Innbyggjarane skal til ein kvar tid ha godt og trygt drikkevatn.

**STRATEGIAR:**

- Sikre god kvalitet på drikkevatn og eit oppdatert leidningsnett både for vatn og avlaup og overvatn.
- Sikre beredskapsvatn.
- Sikre eksisterande og framtidige vasskjelder i heile kommunen. Arbeide fram prosjektet med ny drikkevasskjelde for Lærdalsøyri på Hauge.

**MÅL:** Lærdal kommune skal ha eit vel fungerande brann- og redningsvesen i samarbeid med andre kommunar.

**STRATEGIAR:**

- Syte for god kompetanse gjennom årleg kursing og øvingar.
- Sikre tilgang på godt og oppdatert utstyr.
- Sikre god rekruttering.
- Arbeide for føreseielege økonomiske rammer.
- Sikre vel fungerande og oppdaterte grendebrandepot.
- Samarbeide om leiing for brann, redning og førebyggjande arbeid med andre kommunar.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Vurdere behov for skred- og flaumsikring i busette område og langs vegar i kommunen.
- Sikre eksisterande drikkevasskjelder.
- Lage temakart for ulike ROS-tema.
- Utarbeide naudsynte konsekvensutgreiingar og ROS-analysar for alle nye byggjeområde for å kartleggje risiko og sårbarheit og minimere denne med avbøtande tiltak.

## 6 Oppfølging av Samfunnsdelen

---

Som styringsdokument må samfunnsdelen vektleggjast i alle plan- og utviklingsprosessar i kommunen. Det er viktig at ein brukar handlingsdelen som ein viktig ressurs og ein strategisk retning i arbeidet.

Strategiar som er knytt til arealbruk vert vil vere rettesnor for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Samfunnsdelen har eit utviklingsperspektiv på 10 – 12 år. Det er likevel eit mål at den vert evaluert ein gong kvar planperiode (kvart fjerde år). På grunn av det store utviklingsarbeidet kring Grøne Lærdal og utarbeiding av Handlingsprogram for dette prosjektet, vil det vera enno viktigare å få oppdatert planen innan 4 år, for å sikre at dei nye målsetjingane kjem inn i det overordna planleggingsarbeidet.